

# Kommundelplan for oppvekst 2019 - 2023

---

**Kunnskapsgrunnlag**

**Osterøy kommune**

# **Innhald**

Innhald.....	2
<b>Innleiing .....</b>	<b>6</b>
Føremålet med oppvekstplanen .....	6
Innhald i planen.....	6
Bakgrunn og føresetnader for oppvekstplanen .....	7
Avgrensing.....	7
Overordna føringar for planarbeidet .....	7
Organisering av arbeidet .....	8
Definisjon av sentrale omgrep .....	9
<b>1. MANGFALD, INKLUDERING OG TOLERANSE .....</b>	<b>12</b>
Innleiing.....	12
Utfordringar og behov.....	12
Rettar.....	12
Tilhøva nasjonalt .....	12
Tilhøva på Osterøy.....	12
Arenaer.....	13
Strategier og tilrådingar .....	13
System og praksis som sikrar inkluderande barnehage, skule og fritidstilbod .....	13
Tiltak og systematisk arbeid knytt til førebygging og handtering av mobbing .....	14
Oppsummering.....	14
<b>2. RELASJONAR .....</b>	<b>15</b>
Innleiing.....	15
Utfordringar og behov.....	15
God oppvekst .....	15
Samspel .....	15
Barnehage .....	15
Skule .....	16
Overgangar .....	16
Sosial støtte .....	16
Gode relasjonar .....	16
Strategiar og tilrådingar .....	16
Tidleg rettleiing.....	16
Oppfølging ved endra omsorgsrammer .....	17

Tilrettelagde overgangar .....	17
Oppsummering.....	17
<b>3. PSYKISK OG FYSISK HELSE .....</b>	<b>18</b>
Innleiing.....	18
Utfordringar og behov - psykisk helse.....	18
Psykiske vanskars .....	18
Årsaker.....	18
Hjelpetilbodet.....	19
Strategiar og tilrådingar – psykisk helse.....	20
Tilgjengelege tenester .....	20
Tidleg innsats.....	20
Utfordringar og behov - fysisk helse .....	20
Folkehelse.....	20
Overvekt .....	21
Fysisk aktivitet .....	21
Seksuell helse .....	21
Kommunen og frivillige lag – og organisasjonar .....	21
Strategiar og tilrådingar – fysisk helse .....	22
<b>4. LÆRING.....</b>	<b>23</b>
Innleiing.....	23
Utfordringar og behov.....	23
Barnehage .....	23
Skule .....	24
Skulefråvær og drop-out .....	25
Fritid .....	25
Sårbare born og unge.....	26
Strategiar og tilrådingar .....	27
Arbeida for gode overgangar .....	27
Framtidsretta læring.....	27
Profesjonelle medarbeidarar og organisasjonar .....	27
Gode tiltak for sårbare born.....	27
<b>5. FYSISK OPPVEKSTMILJØ .....</b>	<b>29</b>
Innleiing.....	29
Ufordinigar og behov .....	29

Bumiljø.....	29
Møteplassar, leikeplassar og tilgjengeleg natur.....	30
Kommunikasjon og trafikktryggleik.....	30
Strategiar og tilrådingar .....	31
Bumiljø.....	31
Møteplassar, leikeplassar og tilgjengeleg natur.....	31
Kommunikasjon og trafikktryggleik.....	31
<b>6. KULTUR OG FRITID.....</b>	<b>33</b>
Innleiing .....	33
Trendar og utviklingstrekk.....	33
Status i Osterøy kommune.....	33
Kulturskulen.....	34
Osterøy folkeboksamling.....	34
Fritids- og kulturarenaer.....	34
Organisert fritidstilbod .....	35
Uorganiserte møteplassar .....	35
Utfordringar og behov.....	35
Tilgjengeleg fritidstilbod – kva er det? .....	35
Kommunen si rolle .....	36
Idrettsråd – kulturråd .....	36
Deltaking blant ungdom .....	36
Dei føresette si rolle .....	36
Ungdommen sine behov .....	37
Unge vaksne sine behov .....	37
Strategiar og tilrådingar .....	37
Frivilligpolitikk .....	37
Fritids- og kulturarenaer.....	37
Kulturkontor .....	37
<b>7. SAMFUNNSENGASJEMENT OG PÅVERKNAD.....</b>	<b>39</b>
Innleiing .....	39
Dagens arena for medverknad .....	39
Elevråd.....	39
Ungdomsråd .....	39
Politiske ungdomsparti.....	40

Digitalt engasjement .....	40
Lag og organisasjonar .....	40
Utfordringar og behov .....	40
Verdien av deltaking .....	40
Koordinering for kontinuitet og utvikling .....	40
Strategiar og tilrådingar .....	41
Ta born og unge si stemme på alvor .....	41
Bibliografi .....	42

# Innleiing

## Føremålet med oppvekstplanen.

Kommunedelplan for oppvekst skal vera eit konkret utviklings- og styringsverktøy på kort og lang sikt. Planen er grunnlag for prioriteringar og ressursbruk retta mot born, ungdom og unge vaksne i Osterøy kommune. Det vil seia at administrativt og politisk leiarnivå har eit særskild ansvar for å setja seg inn i, og styra etter planen.

Ein har hatt fokus på **tidleg innsats, folkehelse og livskvalitet gjennom planarbeidet**. Det har vore viktig å tenkje breitt, tverrfagleg og på tvers av ansvarsområder og sektorar i utarbeidninga av kommunedelplanen. Denne planen er for oppvekstsektoren. Men ein vil ikkje lukkast med denne satsinga utan at dei andre sektorane i kommunen, lag og organisasjonar utanfor kommunen vert trekt med i arbeidet. Sjølv om ikkje dette kjem tydeleg fram i handlingsdelen, så ligg tverrfagleg innsats som eit førande prinsipp i dei fleste tiltaka.

I tillegg har planarbeidet teke særleg omsyn til sårbare grupper og barnefattigdom.

**Kven skal nytte planen:** Planen skal kunne nyttast av alle i offentleg, privat og frivillig tenesteproduksjon retta mot born, ungdom og unge vaksne. Kortversjonen av oppvekstplanen er særleg retta mot ungdom og føresette for born, ungdom og unge vaksne.

### Hovudmål for planen:

- **Leggja til rette for at komande generasjonar kan utvikle seg til å verta born, unge og vaksne som meistrar notida og framtida.**

## Innhald i planen

**Planen set sørkjelys på kva som er utfordringar og ulike behov hjå barn, unge og unge vaksne framover. Det gode arbeidet som allereie vert gjort i offentleg og frivillig sektor er difor ikkje omtala i planen.**

Planen er delt opp i tre dokument: kunnskapsgrunnlag, handlingsdel og brosjyre, med fokus på sju hovudtema:

1. **Mangfold, inkludering og toleranse.**
2. **Relasjonar.**
3. **Psykisk og fysisk helse.**
4. **Læring.**
5. **Fysisk oppvekstmiljø.**
6. **Kultur og fritid.**
7. **Samfunnsengasjement og påverknad.**

**Kunnskapsgrunnlaget** tek for seg kvart tema, med tilhøyrande målsetjingar, strategiar og tilrådingar. Kvart kapittel drøftar utfordringar knytta til satsingsområda både nasjonalt og lokalt.

**Brosjyra** er ei komprimert og meir lettlest utgåve av kunnskapsgrunnlaget, utan kjeldehenvisningar.

**Handlingsdelen** inneheld strategiar og tiltak for korleis ein konkret skal arbeide med å imøtekoma dei utfordringane og måla som er skisserte i kunnskapsgrunnlaget. Handlingsdelen skal vurderast for revisjon årleg.

Det vil vere utfordringar og strategiar som er overlappande for dei ulike tema. Dette reflekter breidda og kompleksiteten i oppvekstarbeidet. I handlingsdelen vil derfor fleire delmål bli imøtekommne med dei same strategiane og tiltaka.

Kommunedelplanen fastset strategiar og tiltak for å oppnå konkrete mål i handlingsdelen, og føreslår evalueringssystem eller andre metodar for å følgja opp dei aktuelle målsetjingane (målstyring). Tiltaka i handlingsdelen må innarbeidast i økonomiplan og følgjast opp i budsjett.

## Bakgrunn og føresetnader for oppvekstplanen

Heradsstyret i Osterøy kommune vedtok i møte 07.12.2016 å utarbeida ein kommunedelplan for oppvekstområdet.

Planen skal vera styrande i høve prioritering av innsats og ressursar for å nå fastsette mål innan kommunen sine tenester. Planarbeidet skal fastslå, definera og skildra desse målsetjingane og prioriteringane for området oppvekst.

Dei tema som er skildra i planprogrammet er valde gjennom drøftingar og grupperarbeid med politikarar og administrasjon.

Kommunedelplanen for Oppvekst inngår i eit rullerande plansystem som er kjent og forankra politisk og administrativt. Etter Plan- og bygningslova § 11-2 skal planen vurderast kvart fjerde år og handlingsdelen skal vurderast årleg.

## Avgrensing

Oppvekstplanen omfattar kommunen sine tenester, i tillegg til private og frivillige institusjonar, lag og organisasjonar sitt arbeid retta mot born, ungdom og unge vaksne. Målgruppa er avgrensa til å gjelde born, ungdom og unge vaksne i alderen 0 til 23 år, då det er denne aldersgruppa kommunen har særskild ansvar for. Denne aldersgruppa er og vurdert som svært viktig for kommunen sin førebyggande innsats og for langtidsverknaden av folkehelsearbeidet.

Oppvekst som tema er breitt og omfattar barnehage, skule, SFO, Osterøy integrering- og barne- og familieteamet læringsenter, kulturskule, bibliotek og «Familiens hus» som er helsestasjonen, barnevernet, PPT og.

I tillegg til kommunen sine tenester er private og frivillige lag og organisasjonar, psykisk- og fysisk oppvekstmiljø viktige område. Miljø innan idrett, musikk, teater, friluftsliv og andre organiserte og uorganiserte fellesskap har stor betydning for born sin oppvekst og trivsel. Familierelasjonar og andre relasjonar set rammene for kvaliteten i oppvekstmiljøet.

## Overordna føringar for planarbeidet

Ei rekke statlege, regionale og kommunale føringar skal takast omsyn til i arbeidet med kommunedelplanen, for eksempel rikspolitiske retningslinjer, rettleiarar og stortingsmeldingar. Dei statlege føringane er oppsummerte i nasjonale forventningar til regional- og kommunal planleggjring.

Det har vidare vore sentralt at ein i planen tek omsyn til dei økonomiske realitetane i kommunen. Det er ein føresetnad for berekraftig samfunnsutvikling at kommunen har ein sunn økonomi med driftsresultat som sikrar økonomisk handlefridom. Det er viktig å fokusera på tema som er relevante og strategisk viktige for kommunen. Områda må vere reelle for endring og politisk styring. Tabellen under syner ei liste over nasjonale, regionale og lokale føringerar for kommuneplanarbeidet. Lista er ikkje uttømmande.

Nasjonale føringer	Regionale føringer	Lokale føringer
<ul style="list-style-type: none"> <li>Nasjonale forventingar</li> <li>Barnekonvensjonen</li> <li>Folkehelselova</li> <li>Stortingsmeldingar</li> <li>NOU-publikasjonar</li> <li>Aktuelle lover for kommunen og dei ulike tenestene</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Regional plan for folkehelse 2014 – 2025: Fleire gode leveår for alle</li> <li>Regionale satsingsområde</li> <li>Regional kulturplan</li> <li>Regional klimaplan</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kommuneplanen sin samfunnsdel (planprogram pr. november 2015)</li> <li>Andre kommunale planar og vedtak</li> </ul>

## Organisering av arbeidet

Heradsstyret har i møte peika ut ei politisk arbeidsgruppe med desse 5 medlemmane:

- Tone Mjelde
- Johannes Bysheim
- Kari Mjøs
- Lars Fjeldstad
- Gunnhild M Tyssebotn

Rådmannen har oppretta ei prosjektleiing:

- Ivar Sandgren, sektorleiar
- Siren Juliussen, planavdelinga (tidlegare Laura Ve, planavdelinga)
- Bettina B. Nordahl, leiar av Familiens hus

og ei administrativ arbeidsgruppe som har stått for teksten i alle 7 kapitla:

Silje Mæland (Helsesjukepleiar)

Benedicte Mjøs (Pedagogisk leiar, Hauge barnehage)

Maria Smith (Adjunkt, Lonevåg barneskule)

Tor Arne Aasen (Rektor, Osterøy ungdomsskule)

Lene Dahle Olsnes (Rådgjevar PPT)

Kristine Refsnes Daltveit (Pedagogisk leiar, Lonevåg barnehage)

Sarah Lillefosse Eriksen (Adjunkt, Valestrand skule)

Hill Marit Ødegård (Kommunepsykolog for born og unge)

Lars Braathen Reigstad (Adjunkt, Osterøy ungdomsskule)

Marius André Jakobsen (Kommunepsykolog for born og unge)

Grete Birkeliid (Frivilligkoordinator)

Frank Peter Windt (Rektor, kulturskulen)

Magne Ottar Espelid (Rektor, Osterøy vidaregåande skule)

## **Medverknad og kunnskapsinnhenting**

Planarbeidet er utforma av ei brei gruppe fagpersonar og tilsette i Osterøy som jobbar med barn og unge, noko som har sikra tverrfaglegheit i arbeidet. Ytterlegare medverknad og innspel/kunnskapsdeling frå andre grupper i kommunen er sikra gjennom møter, kvalitative intervju og presentasjonar/faginnlegg i løpet av 2018 som skissert under.

- Intervju med representantar for FAU
- Intervju med representantar for SU
- Intervju med representantar for Osterøy idrettsråd
- Intervju med nøkkelinformantar i barnehagen og skulen i Osterøy kommune
- Intervju med tilsette i Helsestasjonen for ungdom
- Intervju med spesialisttenesta og nøkkelinformantar i Osterøy kommune<sup>1</sup>
- Presentasjon og verkstad/innspelsrunde med Osterøy Ungdomsråd ved tre høve, med særskild fokus på fysisk oppvekstmiljø og møteplassar, samfunnsengasjement og påverknad, samt gjennomgang av handlingsdelen og språk/begrepsbruk i plandokumenta. (I tillegg til tidlegare presentasjon og innspelsrunde i høve planprogrammet.)
- Presentasjon og verkstad/innspelsrunde med ein 8.klasse ved Osterøy ungdomsskule
- Spørjeundersøking/idemyldring med born som vitja bokbussen (i 2017)
- Innlegg til arbeidsgruppa med tema *Utfordringar og behov hjå barn, unge og unge vaksne i Osterøy kommune* frå representantar for:
  - NAV Osterøy
  - Osterøy fysikalske institutt
  - Osterøy helsestasjon
  - Barne og familieteamet
  - Psykisk helse og rusomsorg
  - Osterøy integrerings og læringssenter
  - Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)
  - Barnehagen i Osterøy kommune
  - Barneskulen i Osterøy kommune
  - Ungdomsskulen i Osterøy kommune
  - Osterøy vidaregåande skule
- Innspel og kvalitetssikring undervegs i planarbeidet frå Osterøy barnevernteneste, Osterøy kulturskule, folkehelsekoordinator, barnehagefagleg rådgjevar og skulefagleg rådgjevar i Osterøy kommune, leiargruppa i Osterøy kommune.

I tillegg har Margreta Tveisme (ved Nordahl Grieg vidaregåande skule/Ashoka Changemaker School) holdt innlegg om *Læring – utfordringar og nye tilnærmingar til det 21-århundre* for arbeidsgruppa.

Høyring og offentleg ettersyn er gjennomført i samband med utforming av planprogrammet og etter 1.gongs handsaming av planframlegget.

---

<sup>1</sup> Sjå kjeldehenvisingar for meir informasjon

## Definisjon av sentrale omgrep

Tidleg innsats slik det er brukt i oppvekstplanen bygger på tre definisjonar:

- Barn, unge og deira familiar skal få hjelp og støtte til rett tid, på rett stad, med riktig hjelp og så tidleg som mogleg.
- Tidleg innsats skal skje så tidlig som mulig i barnets utvikling, men også så tidleg som mogleg når hendingar/problem oppstår uavhengig av alder.
- Tidleg innsats inneber førebyggjande arbeid i tenestetilboda, og at riktig hjelp vert gjeve før problema blir komplekse og fastlåste.

Tre hovuddimensjonar ved tidleg innsats:

- Allmenne førebyggjande tiltak (grøn) som har betydning for og omfattar alle barn og unge i kommunen.
- Førebyggande tiltak (gul) spesielt retta mot grupper som står i fare for å få en negativ utvikling.
- Spesifikke støtte- og hjelpetiltak (rød) for barn og unge med klart definerte hjelpebehov.



### Inkludering:

Inkludering skal forståast i denne oppvekstplanen som ein prosess og eit mål kor deltaking i fellesskapet er bygd over forskjellane. Kjernen i omgrepet inkludering er derfor å auke individet si deltaking og utbytte av å delta og reelt påverke dette fellesskapet. Ein tek utgangspunkt i mennesket sin eigenart og likeverd, slik at alle deltakarane i fellesskap tar del på en likeverdig måte – fagleg, sosialt og kulturelt.

Alle skal ha like mogelegeheter, rettar og pliktar til deltaking i samfunnet gjennom fysisk tilrettelegging for auka tilgjenge og betre organisering for deltaking i fellesskapet. til dømes for minoritetsspråklege og/eller personer med funksjonsnedsetjing. Fordi ”integrering” ikkje inneber det samme kravet til relasjonsbygging og sosial deltaking som ”inkludering”, har denne planen valgt inkludering som det berande omgrep.

### Barnefattigdom:

Det å vere fattig betyr for føresette å ha så låg inntekt og så låg forsørgingsevne at det i stor grad avgrenser familien sin livsutfolding og deltaking i samfunnet.

I denne oppvekstplanen forståast fattigdom slik:

"Folk er fattige dersom dei ikkje kan oppnå – heilt eller delvis – dei levekåra som gjer dei i stand til å fylle vanlege roller, inngå i gjengse sosiale fellesskap og elles oppføre seg slik det vert forventa av dei i eigenskap av vere medborgarar i samfunnet" (Townsend, 1979) (Townsend, 1993, p. 36)

Fattigdom handlar dermed om manglande muligheter for å leve eit liv i verdigheit, sjølvrespekt og likeverd med andre.

For å måle omfanget av barnefattigdom bruker vi låg inntekt som mål. Det vil sei hushaldninger med ei inntekt som er lågare enn 60 % av medianinntekta i Norge. Dette er eit relativt fattigdomsmål (Arbeids- og sosial departementet, 2002).

# 1. MANGFALD, INKLUDERING OG TOLERANSE

## Innleiting

Eit inkluderande og mangfaldig samfunn er kulturelt betinga og byggjer på verdiar som respekt og toleranse for det som er annleis enn oss sjølve og at ingen vert ekskludert. Å kjenna seg som ein del av eit fellesskap er viktig for alle, men born er særleg sårbare for einsemd og det å bli ståande utanfor. Dette har store ringverknader for dei borna og unge det gjeld, men også for samfunnet. Aksept og toleranse er vorte eit viktig tema i notida og ein antar det vil bli enda viktigare i framtida

**MÅL:** Born, ungdom og unge vaksne skal utøva og forstå verdien av mangfald, inkludering og toleranse. Osterøy kommune skal ha nulltoleranse for utestenging og mobbing.

## Utfordringar og behov

### Rettar

Born, unge og unge vaksne sine rettar til inkludering og deltaking i samfunnet er forankra i fleire viktige internasjonale konvensjonar. I følgje FN sin barnekonvensjon har alle born rett til mellom anna vern, omsorg, ytringsfridom og utdanning. I tillegg har alle born rett til å delta i leik, fritidsaktivitetar og kulturliv. Desse rettane gjeld for alle born uavhengig av deira eller dei føresette sin bakgrunn, farge, kjønn, språk, religion, eigedom, funksjonshemmning eller oppfatningar (UNICEF, 2018). I tråd med FN sin barnekonvensjon er mellom anna diskrimineringslova, opplæringslova og barnehagelova tydeleg på at ein skal jobbe for å skapa eit inkluderande samfunn med mangfald og toleranse, der alle former for diskriminering vert motarbeida (Kunnskapsdepartementet, 2018).

### Tilhøva nasjonalt

Ei ekspertgruppe for born og unge med behov for særskild tilrettelegging kom i 2018 med ein rapport: «Inkluderande fellesskap for born og unge». Eit av måla til ekspertgruppa var å medverka til auka inkludering i barnehage og skule. Rapporten skildrar at det eksisterande spesialpedagogiske systemet for born og unge med særskilde behov er ekskluderande og lite funksjonelt (Nordahl, 2018). Å verte ekskludert frå eit fellesskap kan opplevast som både vondt og krenkjande for barnet. I forskingsrapporten «Hele barnet. Hele løpet. Mobbing i barnehagen» uttrykte fleire av borna at det er keisamt og trist å verta utestengd frå leik (Lund, et al., 2015). I denne studien fann dei at eitt til to born i kvar barnehage vart systematisk avvist og utestengt frå leik av dei andre borna, noko som i følgje rapporten kan defineraast som psykisk mobbing. Vidare står det at kjenneteikn på born som vert utestengd frå leik er at dei manglar leikekompetanse, manglar språk-/kommunikasjonsdugleikar og/eller vert oversette og negativt definerte av dei tilsette i barnehagen. Forskningsresultat i rapporten viser at 12% av barnehageborn i Noreg ofte vert plaga av andre born. Dette kan få konsekvensar for både trivsel og utvikling hjå borna i barnehagen. Forsking viser at mobbing i barnehagen kan få konsekvensar på lang sikt, eksempelvis samanhengen mellom mobbing i barnehagen og fråfall i vidaregående opplæring (Lund, et al., 2015).

### Tilhøva på Osterøy

I følgje Ungdata undersøkinga i 2017 seier 12% av ungdommar frå 8.klasse til 3.vgs at dei vert mobba på skulen eller på fritida, og 15% svarar litt ueinig eller heilt ueinig i påstanden; «eg føler at eg passer

inn blant elevane på skulen». 32% av ungdomsskuleelevane i Osterøy kommune svarer at dei har vore heime heile kvelden meir enn 6 gonger den siste veka. Nasjonalt er dette talet 22% (Ungdata, 2017).

I Osterøy kommune i dag har både barnehage og skule fleire pedagogiske verktøy som vert brukte for å førebyggja og handtera ekskludering og mobbing. Inkludering har vore eit sentralt omgrep i fleire utviklingsarbeid innafor ulike opplæringsarenaer på Osterøy. PPT har, for eksempel, hatt fokus på å redusera spesialundervisninga og på å gje råd som medverkar til auka deltaking og inkludering i fellesskapet (Sektor-for-oppvekst-undervisning-og-kultur, 2018). Det er likevel eit betringspotensiale i kommunen på fleire område knytt til inkludering, deltaking og mobbeførebygging. Har me gode nok system? Er me flinke nok til å arbeida etter desse? Dette er spørsmål som vert stilt av lærarar og barnehagertilsette i kommunen (Barnehagen, 2018; Skulen, 2018).

## Arenaer

I tillegg til skule og barnehage er fritidsaktivitetar ein viktig arena for opplæring og deltaking i samfunnet, og det er uttrykt eit behov for tettare samarbeid mellom skule og fritidstilbod i kommunen (Sektor-for-oppvekst-undervisning-og-kultur, 2018). I følgje ein rapport frå «Senter for forsking på sivilsamfunn og frivillig sektor» ser ein at høg inntekt og utdanning heng sterkt saman med aktiv deltaking i ulike organisasjonar (Enjolras & Wollebæk , 2010, p. 31). Kostnader knytt til ulike fritidsaktivitetar kan vera eit viktig punkt knytt til høg deltaking. Eit anna viktig punkt for deltaking i fritidsaktivitetar er tilrettelegging for born og unge med nedsett funksjonsevne. I følgje Kunnskapsdepartementet fell denne gruppa ofte utanfor fellesskapet, og ein ser at tilboden mange gongar ikkje er tilstrekkeleg (Kissow & Klasson, 2018). I Osterøy kommune ser ein for eksempel at fleirkulturelle born ikkje er inkludert i ulike fritidsaktivitetar i same grad som resten av borna i kommunen. Fleire instansar på Osterøy uttrykkjer at dei er usikre på om fritidstilboden er allsidig nok. Behovet for å skape treffpunkt for born som ikkje går i barnehage vert her trekt fram. Eit slikt tilbod vil gje born høve til utvikling saman med andre born. Samhandling er viktig for borna si språkutvikling og utvikling av leikeferdigheiter. Dette vil igjen kunne få positive konsekvensar for borna si deltaking og inkludering seinare i livet (Helsestasjonen, 2018).

## Strategier og tilrådingar

På grunnlag av utfordringar og behov skildra i fyrste kapitteldel, ser ein at enkelte områder vil vera avgjerande for å skapa eit mangfaldig samfunn med meir inkludering og toleranse. For det fyrste vil det vera viktig å utvikla og ivareta system og praksis som sikrar inkludering på ulike opplæringsarenaer. I tillegg vil tiltak og systematisk arbeid knytt til førebygging og handtering av mobbing vera viktig.

## System og praksis som sikrar inkluderande barnehage, skule og fritidstilbod

Opplæringsarenaene i Osterøy kommune må arbeida for å imøtekoma born og unge sine utfordringar utan at dei vert stigmatiserte eller ekskluderte frå fellesskapet. Her vil fagleg kompetanse knytt til inkludering og gode system vere avgjerande. Gode samarbeidsrutinar mellom barnehage, skule, Familiens hus, frivillige og eventuelt andre instansar i arbeid med born og unge er viktig.

## Tiltak og systematisk arbeid knytt til førebygging og handtering av mobbing

På grunnlag av rapporten «Hele barnet, hele løpet. Mobbing i barnehagen» og UNICEF sine tilrådingar kan ein sei at det er viktig at ein sikrar at alle born i ulike arenaer har vene og at dei lærer seg sosiale dugleikar som trengst for å fungere godt i leik og samhandling med andre. Det er viktig at ein arbeidar systematisk med haldninga hjå dei tilsette, slik at eventuell mobbing både vert oppdaga tidleg og handtert på ein god måte (Lund, et al., 2015; UNICEF, 2018). Dette krev eit systematisk og målretta arbeid.

Ved å setja i gang ulike tiltak knytt til mobbeførebygging, deltaking og toleranse på dei ulike opplæringsarenaene i Osterøy kommune vil ein mest sannsynleg kunna tilby eit langt betre oppvekstmiljø for born og unge i kommunen. Dette vil vera viktig for den enkelte og for samfunnet si utvikling (Lund, et al., 2015, p. 7).

## Oppsummering

På grunnlag av ungdata sine tal kan det sjå ut som at ungdom på Osterøy sit meir heime enn ungdom generelt i landet. Tala viser at Osterøy har utfordringar knytt til mobbing og einsemd på lik linje med resten av landet. Det er derfor viktig at oppvekstplanen legg vekt på strategiar og tiltak som medverkar til auka deltaking, inkludering, mangfald og toleranse. Dette kan gjerast gjennom:

- tettare samarbeid mellom skule, barnehage og PPT
- høg kvalitet på tilpassa opplæring
- systematisk mobbeførebygging i skule og barnehage
- gode rutinar for handtering av mobbing
- haldningsskapande arbeid
- fokus på læring av sosial kompetanse gjennom leik
- fritidstilbod som er allsidige og tilgjengelige for alle
- systematisk arbeid og oppfølging i språkopplæringa

## 2. RELASJONAR

### Innleiing

Gode og trygge relasjoner er avgjerande for born si utvikling og livskvalitet. Kommunen skal arbeide for å sikra at alle born, ungdom og unge vaksne har eit stabilt og utviklingstøttande oppvekstmiljø der dei kan utvikla seg til å verta sjølvstendige individ som opplever meistring i eigne liv.

**Mål:** Born, ungdom og unge vaksne i Osterøy kommune skal oppleva å ha gode relasjoner til andre born og vaksne i heimen, barnehagen, på skulen og på fritida. Med oppleve meiner me frå barnet sitt utgangspunkt.

### Utfordringar og behov

#### God oppvekst

Ein god oppvekst kan skildrast som ei tilvære prega av trygg og stabil tilknyting til omsorgspersonar, gode vaksenmodeller og velfungerande barnehage, skule og nærmiljø (Helsedirektoratet, 2018). Menneske har behov for tilknyting, og behovet for relasjoner til andre er heilt grunnleggande (Barstad & Sandvik, 2015). Born søker tryggleik og har behov for vern, omsorg og nærliek til stabile og sensitive vaksne. Dette er viktig for utvikling av barnet sine kjenslemessige og sosiale evner (Brandtzæg, et al., 2015).

Born har behov for trygg tilknyting (Brandtzæg, et al., 2015). Tilknytingsteori synleggjer mennesket sine behov for nære og trygge relasjoner, og korleis tryggleiken gjev barnet høve til å utforska omverda. Teorien omhandlar dei tidlege kjenslemessige relasjonane som vert etablert og utvikla, og borna sine indre førestellingar om sine relasjoner til andre menneske (Ekeberg Henriksen & Thuen, 2012). Desse indre førestellingane ser ut til å kunna prege barnet sine forventningar til andre menneske i den seinare utviklinga, og det er difor viktig at dei tidlige erfaringane er positive. Med desse føresetnadene vil barnet utvikla ein positiv forventning til nære samspel med andre (Stanghelle, 2017).

#### Samspel

Samspel karakteriserer kommunikasjonen mellom barnet og dei føresette. Gjennom eit sensitivt samspel fremmer ein trygg tilknyting som inneber at barnet opplever seg forstått og får hjelp til å regulere sine emosjonar (Helsedirektoratet, 2017). Forsking viser at born som får dekka behova sine og opplever tryggleik i samspelet med dei føresette, oftare vil ha positive sosiale relasjoner til andre born og vaksne (Bufdir, 2015). Føresette bør ha kunnskap om samspel for å skape ein god relasjon til barnet tidleg. Det er eksempelvis tilrådd at dei føresette får rettleiing om samspel på alle konsultasjonane i helsestasjonsprogrammet.

#### Barnehage

I barnehagekvarldagen er borna prisgitte dei vaksne sin samspekskompetanse. Styrar og personalet i barnehagen må difor arbeida saman for å fremma sensitive og gode samspel for alle born. For å kunne utforske og mestre sine omgjevnader, må born kjenna seg trygge (Brandtzæg, et al., 2015). Barnet sine kjenslemessige behov for kontakt med vaksne som er tilstade i barnehagen er avgjerande for læring og utvikling. Fyrst når barnet opplever tryggleik i samspelet mellom seg sjølv og dei vaksne,

kan barnet flytta sin energi over på utforsking og læring (Stanghelle, 2017). I rammeplan for barnehage er relasjonar og oppleving av tryggleik viktige punkt. Barnehagar som arbeider systematisk, kunnskapsbasert og har personale med god kompetanse, legg grunnlag for gode relasjonar både mellom vaksne – born og mellom born – born (Regjeringen, 2015-2016).

## **Skule**

Lærarar med høg fagkompetanse som kan byggja gode relasjonar til einskildevar er viktige for å skape ein god skule. Lærar- elev relasjon er kjernen i klasseleiing. Ein god relasjon mellom lærar og elev kan redusere forstyrrande åtferd og gje det enklare å etablere nødvendige regler og prosedyrer (Midthassel, 2013).

## **Overgangar**

Born opplever mange overgangar i løpet av opplæringsløpet sitt. Den første store overgangen er for dei fleste born å starte i barnehagen. Rammeplanen for barnehagen seier at barnehagen i samarbeid med dei føresette skal leggja til rette for at barnet får ein trygg og god start i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017) Overgangar innåt i barnehagen har óg fått ein større plass i rammeplanen, det er fokus på at både barnet og dei føresette skal få god tid til å bli kjend med ny avdeling. Born opplever og overgang frå barnehage til skule som ei utfordring. Dei går frå å vera eldst til å vera yngst, dei møter meir komplekse sosiale mønstre, meir struktur i kvardagen og færre vaksne (Osterøy kommune, 2013). For å skapa tryggleik og kontinuitet rundt overgangane skal barnehage og skule følgje «Plan for overgang barnehage – skule 2015» som Osterøy kommune har utarbeidd.

## **Sosial støtte**

Alle har behov for trygg tilknyting og tilknyting til nokon uansett alder. Sosial støtte er sentralt for å handtera kvardagen, og for helse og trivsel. Med sosial støtte meinast i kva grad ein opplever å ha nære relasjonar, nokon som bryr seg og nokon å spørja om hjelp. Sosial støtte er helsefremjande i seg sjølv, og kan redusera stress gjennom samtale, trøst og praktiske råd eller økonomisk støtte (Helsedirektoratet, 2017).

## **Gode relasjonar**

Gode relasjonar gjev tryggleik og auka livskvalitet. I Noreg har dei fleste over 16 år nokon å støtta seg til ved personlege og praktiske problem, men fleire kjenner på einsemd. Einsemda treff oftare unge menneske (SSB, 2017), og jenter er meir plaga av einsemd enn gutter (Bufdir, 2015). Dette ser ein og i Osterøy kommune. Fleire jenter enn gutter kjenner på einsemd, og talet er aukande. Dei fleste ungdomar i Noreg har ein ven dei kan stole på, men på Osterøy ser ein at talet er synkande for jentene utover i ungdomsskuleåra (Ungdata, 2017).

## **Strategiar og tilrådingar**

### **Tidleg rettleiing**

Osterøy kommune bør arbeida for at alle born, ungdomar og unge vaksne har gode relasjonar til fleire personar rundt seg. Dette bør ein difor fokusera på gjennom dei allereie fastsette timane på helsestasjonen og ved oppfølging i barnehage og skule. Dette må og vektleggjast i samtale og rettleiing med føresette. I barnehagekvardagen kan ein fanga opp både gode og utfordrande relasjonar eller tilknytingsvanskar mellom born og føresette. Dette fordi ein kjem tett på borna og dei føresette i den daglege kommunikasjonen, samarbeidet heim – barnehage og i ulike møte som foreldresamtalar. I desse møta får ein informasjon om barnet og familien, som gjer at ein som

omsorgsperson i barnehagen kan rettleia føresette i relasjonsbygging og tilknyting ved behov. Det er viktig at dei tilsette i barnehage har kompetanse på dette og system som sikrar gjennomføring.

Gode relasjoner er viktig for sosial støtte og for å redusera einsemd. Dei som arbeider med born og unge må difor ha god kompetanse og kunnskap om det å byggja gode relasjoner mellom born og unge.

## **Oppfølging ved endra omsorgsrammer**

Den kvaliteten det er på eit barn sine omsorgsrammer kan endra seg. Det som kan få tilknytingskvaliteten til å endre seg frå trygg til utrygg tilknyting, er mellom anna negative livshendingar som for eksempel død i nær familie, skilsmissa, livstruande sjukdom hjå omsorgspersonar eller born, psykisk sjukdom hjå omsorgspersonar og overgrep og mishandling. Skifte av omsorgsperson kan og føra til endring av tilknytingskvalitet i positiv retning, for eksempel når born flyttar i fosterheim eller får adoptivforeldre. Det same kan skje når born begynner i barnehage, dersom dei har det vanskeleg heime (Drugli, et al., 2014). Endring av omsorgsperson kan gje både betre og dårligare tilknytingskvalitet. Dette avheng av konteksten. Kommunen bør difor ha ulike tilbod både til føresette og born som opplever tilknyttingsvanskjer. Det må også leggjast til rette for tett oppfølging og hjelp for born og dei føresette i dei tilfella der born opplever negativ endring av tilknytingskvalitet til sine omsorgspersonar.

## **Tilrettelagde overgangar**

Osterøy kommune bør ha tydelege og gode planar for alle overgangar i opplæringsløpet. Det må verta tilrettelagd i større grad for dette, både innad i barnehagar og skular, og i overgangen mellom dei. Ein bør setja av god tid til dette, slik at born og vaksne får bygd opp nødvendige og trygge relasjoner. Det vert tilrådd at det ligg føre felles planar for dette for å sikra god kvalitet i alle overgangar i kommunen, frå barnehagestart til vidaregåande skule. Planane må reviderast med jamne mellomrom.

## **Oppsummering**

Gode relasjoner mellom born og vaksne er grunnlaget for god utvikling. Det er difor viktig at føresette og vaksne som arbeider med born og unge har god kompetanse på relasjonsbygging.

- fokus på trygg tilknyting og samspel i rettleiing til dei føresette
- jamlege kurs i relasjonskompetanse for dei føresette, vaksne som arbeider med born og unge og tilsette i kommune/privat/frivillig sektor
- sikre gode overgangar i heile opplæringsløpet

### **3. PSYKISK OG FYSISK HELSE**

#### **Innleining**

God psykisk og fysisk helse er viktig for born og unge sin livskvalitet og for å meistre ulike fasar i livsløpet. Tenesteområda i kommunen har rikt høve til å påverka innan desse tema.

I høve psykisk helse veit ein at 5-20 prosent av born og unge mellom 3 og 18 år har nedsett funksjon på grunn av psykiske plager som angst, depresjon og ådferdsproblem. Personer med psykiske vanskar i barne- eller ungdomsåra har auka risiko for å oppleva psykiske plager og psykiske lidingar seinare i livet og kan falla utanfor det sosiale fellesskapet og få problem med å fullføra utdanning eller fungera i yrkeslivet (Folkehelseinstituttet, 2017).

I høve fysisk helse er regelmessig og variert fysisk aktivitet avgjerande for born og unge sin normale vekst og utvikling. Fysisk aktivitet førebyggjer sjukdom og kan gje eit betre sjølvbilete, betre sosial tilpassing, auka tru på eigen mestring og auka trivsel. I tillegg er fysisk aktivitet viktig for læring (Folkehelseinstituttet, 2017). Tidleg innsats kan påverka born og unge til å få gode haldningar til fysisk aktivitet og kosthald.

**MÅL:** Leggja til rette for utvikling av god psykisk og fysisk helse hjå alle born og unge i Osterøy kommune.

#### **Utfordringar og behov - psykisk helse**

##### **Psykiske vanskar**

På nasjonalt nivå er psykiske vanskar aukande hjå born og unge. Dei vanlegaste problemområda er depresjon, angst og åtferdsvanskar (Mykletun, et al., 2009). Tendensen er og synleg på Osterøy (Ungdatasenteret, KoRus-vest Bergen, 2017; Helsestasjonen, 2018). Psykiske lidingar er Noreg si dyraste sjukdomsgruppe. Nasjonalt utgjer helsetenestekostnader 13 prosent av utgiftene, resten er indirekte kostnader: tap av arbeidsforteneste og trygdekostnadar (Folkehelseinstituttet, 2016; Holte, 2012). Om lag halvparten av psykiske vanskar startar i barne- og ungdomsåra, og tilbakefallsprosenten er høg (Holte, 2012). Psykiske vanskar har negativ innverknad på utdanning, og aukar sjansen for uførretrygd. Samtidig aukar psykiske vanskar sjansen for å utvikla fysisk sjukdom (Mykletun, et al., 2009).

##### **Årsaker**

Årsaker til utvikling og oppretthaldning av psykiske vanskar er samansett. For at kommunen skal kunne setja inn kostnadseffektive, førebyggjande eller reparerande tiltak, må ein ta omsyn til ulike lokale forhold som har innverknad på psykiske vanskar. Desse er:

**Læring:** Dokumenterte utfordringar på Osterøy er eksempelvis lesedugleik i 5.kl., fråfall i vidaregåande skule hjå ungdom folkeregistrert i Osterøy (Fylkesmannen i Hordaland, 2017) og tal unge som mottek sosialhjelp (Folkehelseinstituttet, 2018). Lærevanskar er ein sjølvstendig risikofaktor for utvikling av psykiske vanskar (sjå kapittel om læring).

**Fattigdom:** Oppvekst i ein familie med lågare inntekt samanlikna med samfunnet rundt er ein sjølvstendig risikofaktor for ei rekke psykiske, fysiske og sosiale vanskar (Dearing, et al., 2011). Ein fryktar at born i låginntektsfamiliar har færre totale ressursar å spela på i møte med skulen, og i overgangen til arbeidslivet. På Osterøy er talet på born og unge som veks opp i låg-inntektsfamiliar 8,2%, eller rundt 155 born. Det er rimeleg å tru at dette talet, som i resten av landet, er aukande (Statistisk sentralbyrå, 2015). Mange familiar har ikkje økonomi til deltaking, eller transport til fritidsaktivitetar. Det vert vidare etterspurt aktivitetar for born og ungdom om sommaren, og tilgang til sommarjobb (NAV-Osterøy, 2018; Barnevernstenesta, 2018). Oppvekst i låg-inntektsfamilie utgjer ei vesentleg folkehelseutfordring.

**Høgkonflikt:** Oppvekst i høgkonfliktsfamiliar er og ein risikofaktor. Ei rekke tenester på Osterøy opplever ei auke i talet på born som har ein kvardag med store konflikter i heimen. Det er urovekkjande at born i desse situasjonane og kjem i store lojalitetskonflikter. Vidare ser ein ofte at desse borna har mangelfulle evner når det gjeld konfliktløysing med jamaldringar (Barnevernstenesta, 2018; Helsestasjonen, 2018; Rus-og-psykisk-helse, 2018).

**Vald og seksuelle overgrep:** I følgje nasjonale tal vil mange born og unge oppleva å verta utsette for, eller vera vitne til, vald eller seksuelle overgrep (Steine, et al., 2012; Hjeddal & Thoresen, 2014). Det er så mange born og unge som vert utsette for vald og overgrep at Verdas Helseorganisasjon og den norske regjeringa skildrar det som ei folkehelseutfordring (Justis og beredskapsdepartementet, 2013). På Osterøy er ein aukande del av meldingane til barnevernstenesta knytt til vald (Barnevernstenesta, 2018).

**Mobbing:** Mobbing og utestenging er risikofaktorar både for psykisk og fysisk helse. Det er ei potensielt belastande livshending for born og unge gjennom heile oppveksten. Det kan ha skadelege konsekvensar for vaksenlivet og heilt opp i alderdommen. På Osterøy er det eit aukande tal born, som opplever mobbing både på 7. og 10. trinn. Det er særleg jentene som trekker dette snittet opp (Ungdatasenteret, KoRus-vest Bergen, 2017).

**Digitale plattformar:** Mobbing, utestenging og andre belastande relasjonelle fenomen finn i aukande grad stad på digitale fora (Helsestasjonen, 2018; Medietilsynet, 2016). Samtidig opplever kommunalt tilsette at dei manglar kompetanse i den digitale sfæren (Nøkkelinformantar, 2018).

**Rus:** Å vera avhengig av eller å misbruка rusmidlar er på samfunnsnivå ei stor folkehelseutfordring. Dei mest utbreidde rusmidlane er dei lovlege: alkohol og tobakk. Cannabis er det klart mest brukte narkotiske stoffet blant ungdom. Tyngre narkotikum som er sentralstimulerande, og opiatar har eit mindre tal brukarar, men funksjonstapet ved bruk av desse kan vera mykje større. Born og unge på Osterøy fylgjer den nasjonale trenden med ein nedgang i bruk av rusmidlar over tid (Ungdatasenteret, KoRus-vest Bergen, 2017). Det einaste rusmidlet som har hatt ei større auke i bruk blant born og unge dei siste åra er snus (Folkehelseinstituttet, 2017). Det vil likevel vera enkeltpersonar og mindre grupper som kan utvikla større problem utan at dette nødvendigvis vert fanga opp i kommunal statistikk.

## Hjelpetilbodet

Tilbakemeldingar frå brukarar er ein viktig del av arbeidet med å skapa gode hjelpetenester for innbyggjarane. Born og unge på Osterøy ynskjer eit helsetilbod som er meir tilgjengeleg der born og unge er, til ulike tider og som vert opplevd som lite stigmatiserande (Ungdomsrådet, 2018). Det vert

særleg etterlyst meir kunnskap om tema som normalitet, einsemd, perfeksjonisme, skulestress og kroppspress (Helsestasjonen, 2018; NAV-Osterøy, 2018; Ungdomsrådet, 2018). Data indikerer vidare at gutter, i mindre grad enn jenter, nyttar seg av tilbod som helsestasjon for ungdom i ungdomsåra (Helmers & Hernæs, 2012).

## Strategiar og tilrådingar - psykisk helse

For at Osterøy kommune skal kunna styrka psykisk helse gjennom sine tenester og forvaltning, må ein tenke heilskap og setja inn tiltak på ulike arenaer.

### Tilgjengelege tenester

Osterøy kommune bør arbeida for å skapa tenester som er lett tilgjengelege og fleksible, med hovudfokus på tiltak som treff alle born og unge. Som ein hovudregel bør ein tilby desse tenestene innafor rammene av dei institusjonar der born og unge lever sine liv. Tenestene bør leggjast til rette på ein slik måte at dei verkar inkluderande og opne, ikkje stigmatiserande og lukka. Etterspurte universelle tiltak er «Open dør/ Drop-in», undervisning i grupper/klassar og informasjon om hjelpetilbodet (Ungdomsrådet, 2018).

### Tidleg innsats

Tidleg innsats er ein nasjonal strategi for å kunna betra folkehelsa (Holte, 2012). Eksempelvis opplever NAV at dei i sitt system har eit aukande tal unge med behov for hjelp, der psykisk helse er ein del av biletet, utan at denne utfordringa er blitt adressert på eit tidlegare tidspunkt (NAV-Osterøy, 2018). Dette betyr at føresette og tilsette må ha kompetanse til å identifisera og avhjelpa skeivutvikling på eit tidleg tidspunkt i livsløpet og tidleg i ei sjukdomsutvikling. Vidare bør ein vurdera i kor stor grad og korleis ein kontakter risikogrupper i Osterøy kommune. For eksempel er skulefråvær eit problem som kan eskalere, som er samansett, der konsekvensen vert verre dersom ikkje hjelpa kjem tidleg. Slike utfordringar med mobbing/utestenging kan for eksempel handterast gjennom eit kommunalt beredskapsteam. Førebyggjing av usunne rusvanar bør halda fram i tråd med nasjonale tilrådingar om universalførebyggjande tiltak mot rus og risikofaktorar for rusbruk. Samtidig som ein tidleg identifiserer og rettar inn tiltak mot dei som utviklar ein problematisk rusbruk.

## Utfordringar og behov - fysisk helse

### Folkehelse

I Noreg har det gjennom fleire tiår vore fokus på utfordringar knytt til livsstil, smittsame sjukdomar og andre faktorar som påverkar folkehelsa. Dette har vore retta mot heile befolkninga. Dei siste åra har det vore eit særleg fokus på utjamning av sosiale forskjellar i helsetilstanden til befolkninga. (Folkehelseinstituttet, 2014).

Mange unge på Osterøy rapporterer å vera nøgde med eiga helse (Ungdatasenteret, KoRus-vest Bergen, 2017). Samtidig viser statistikken eit høgt forbruk av reseptfrie smertestillande midlar og antibiotika i Osterøy kommune (Folkehelseinstituttet, 2018). Fleire og fleire føresette informerer om at deira born strever med astma- og allergiplager, uavhengig av om det er gjort objektive funn som indikerer dette (Helsestasjonen, 2018).

## **Overvekt**

I Osterøy kommune kan ein registrera aukande overvektsproblematikk (Folkehelseinstituttet, 2018). Spesielt kvinner skil seg ut, samanlikna med land- og fylkesgjennomsnitt. Vidare vert det rapportert om ei auke i overvektsproblematikk hjå 6- og 8-åringane på Osterøy. Det er og ei auke i talet på born som får oppfølging i spesialhelsetenesta grunna dette (Helsestasjonen, 2018). Sosial og økonomisk status kan ha inverknad på dette. Erfaringar viser at det for dei fleste er vanskeleg å oppnå varig vektredusjon når ein først er blitt overvektig. Difor er førebyggjing av overvekt viktig (Helsedirektoratet, 2010).

Faktorar som kan påverka overvekt er kosthald, fysisk aktivitet og føresette sin sosioøkonomiske status. I Noreg ser ein at mange born og unge et for lite frukt og grønt og får for lite D-vitamin. Når det gjeld tilsett sukker, går utviklinga i riktig retning, men det er framleis mange som får i seg for mykje godteri og drikke med sukkerinnhald. (Folkehelseinstituttet, 2016).

Dei fleste 6-åringane oppfyller tilrådingane om dagleg/vekentleg moderat og intensiv fysisk aktivitet. Berre halvparten av 15-åringane gjer det same. Born i alle aldrar brukar ein stor del av dagen til stillesitjing (Folkehelseinstituttet, 2016). Tal ungdom på Osterøy som er lite fysisk aktive, er noko høgare enn nasjonalt og regionalt. (Ungdatasenteret, KoRus-vest Bergen, 2017).

## **Fysisk aktivitet**

Fysisk aktivitet kan påverka både den fysiske og psykiske helsa. Det er ikkje uvanleg at personar med psykiske plager/lidingar, har fysiske plager og motsett. Tidleg innsats med fysisk aktivitet, og undervisning om effektane ved fysisk aktivitet, kan medverka til gode haldningar til fysisk aktivitet i ungdomsåra og seinare i livet (Helsedirektoratet, 2010). Tilrettelegging for, og opplæring om, fysisk aktivitet i barnehage/skule kan derfor gje både fysisk og psykisk folkehelsegevinst.

## **Seksuell helse**

Grunnlaget for seksuell glede, mestring og trygg identitet skapast tidleg i barndommen. Det er viktig at born får prøve ut og vere seg sjølv utan å oppleve å få merkelappar. Unge er best rusta til å bestemme over sin eigen seksualitet dersom foreldre deira har meistra å kommunisere opent med dei om temaet gjennom heile barndommen. Foreldre kan ha behov for støtte og rettleiing i slik kommunikasjon. (Helsedirektoratet, 2018)

Ungdom er ei ueinsarta gruppe og den enkelte utviklar sin seksuell identitet gjennom fleire utviklingstrinn. Ungdom mottek informasjon og inntrykk av seksuelt innhald frå fleire ulike kjeldar. Dette representerer både ein ressurs og ein utfordring i unge menneskers liv. Alderstilpassa seksualundervisning som startar tidlig bidreg til at born og ungdom utviklar kompetanse til å takle dei seksuelle situasjonane dei vil stå ovanfor (Helsedirektoratet, 2018).

## **Kommunen og frivillige lag - og organisasjonar**

Ungdomsrådet og idrettsrådet i Osterøy har lagt fram forslag til korleis skulen og kommunen kan leggja til rette for auka fysisk aktivitet hjå born og unge. Ungdom ynskjer seg felles møteplassar der ein kan driva uorganisert aktivitet for eksempel ein FYSAK-hall, symjehall, og betre tilrettelegging for fysisk aktivitet i skulekvardagen (Ungdomsrådet, 2018). Idrettsrådet legg vekt på å skapa gode haldningar til fysisk aktivitet. Eit samarbeid mellom skule og idrettslag vert etterspurt. Eksempelvis på utstyrssBruk, instruktørar inn i skulekvardagen og aktivitet for alle like etter skulen. Idrettsrådet er og oppteken av tilrettelegging for fysisk aktivitet i nærmiljøa. Ulike typar tilrettelegging kan vera

utbygging av gang/sykkelsti, turløyper (gjerne med lys), merking og rydding av stiar (Idrettsrådet, 2018).

## **Strategiar og tilrådingar – fysisk helse**

Osterøy kommune bør stimulera til, setja i gang og understøtta tiltak i privat, frivillig og offentleg regi, som verkar helsefremjande og sjukdomsførebyggjande. Døme på arenaer der dette kan utførast er i barnehage og skule, på helsestasjonen, ved planlegging og utbygging av lokal infrastruktur, og i lags- og organisasjonslivet. Fysisk aktivitet, og undervisning om fordelane ved det, bør viast plass i barnehage og gjennom heile skuleløpet. Vidare bør Osterøy kommune ha ein lokalt forankra modell for kosthaldsendring og sunne matvaner basert på råd frå nasjonale styresmakter. Det må og sikrast fokus og formålstenelege tiltak på områda seksuell helse og rus.

Osterøy kommune bør legge til rette for at born og unge får kunnskap og ferdigheter, i kombinasjon med positive haldningar og følelsar for eigen kropp og seksualitet som bidreg til glede, trygg seksuell identitet og sunne handlingsmønstre. Det anbefalast at det gjevast alderstilpassa og inkluderande informasjon om seksuell helse som bidreg til oppleveling av glede, trygghet og stolthet over eigen kropp og seksualitet.

## 4. LÆRING

### Innleiing

Læring er ein livslang prosess som skjer gjennom leik, fritid, barnehage, skule og arbeid. Dagens læring i skule er til dels prega av ein tradisjon som legg vekt på reproduksjon av kunnskap. For å meistre eit samfunn i endring med stor informasjonsflyt er det viktig med sosial læring, tryggleik, evne og vilje til endring, kreativitet og kritisk sans. Ein veit at for mange born og unge er læring utfordrande, og det vert med dette naturleg å gje sårbare born og unge ei eiga overskrift i biletet som vert forsøkt teikna av utfordringar og behov knytt til omgrepet læring.

**Mål:** Osterøy kommune skal bidra til at born, ungdom og unge vaksne på Osterøy utviklar relevant kunnskap, dugleik, haldningar og evne til omstilling for å leva eit godt liv som individ og medborgar.

### Utfordringar og behov

#### Barnehage

Læring er ein livslang prosess som startar allereie ved fødselen. I Osterøy kommune går 83.9% av borna i barnehagealder i barnehage. Noko som er ein god del lågare enn gjennomsnittet for landet (SSB, 2017). Barnehagen sitt samfunnsmandat er å tilby born under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø som er til barnet sitt beste (Utdanningsdirektoratet, 2017).

I *Meld. St. 19 Tid for leik og læring* (Kunnskapsdepartementet, 2015-2016) vert det omtalt nokre utfordringar som ein må arbeida med for å få til høg kvalitet og mindre kvalitetsforskjellar i barnehagane rundt i landet. Stortingsmeldinga omtalar fleire område som er viktige for borna. Ikke alle born opplever eit trygt og inkluderande omsorgs- og læringsmiljø i barnehagen. Det er stor variasjon i kvaliteten på det allmennpedagogiske tilbodet og mange born manglar tilstrekkeleg norsk-språkleg kompetanse ved skulestart. Det vert og meldt om at mange born med behov for særleg støtte og tilrettelegging ikkje får eit godt nok tilbod. Overgangen og samanhengen mellom barnehage og skule kan bli betre.

Det er grunn til å tru at utfordringane henta frå *Meld. St. 19* er gjeldande for barnehagane i Osterøy. Ein har lite tal eller evaluering av kvaliteten på barnehagane på Osterøy. Pr. i dag nyttar ein Utdanningsdirektoratet si foreldreundersøking. Denne syner at dei føresette er god tilfreds samla sett. Barnet sin trivsel og barnet si utvikling får høg score. Informasjonsflyt og ute-/ innemiljø får noko lågare score. Undersøkinga gjev ikkje fullt ut eit bilete av Osterøy-barnehagane. Det kan vere behov for at ein teiknar eit felles målbilete og gjer ei breiare kartlegging av kvalitet.

Barnehagane har over nokre år arbeidd med *Vere saman-prosjektet*. I dette prosjektet er hovudområda autoritative vaksne, relasjonsbygging og kommunikasjon, tidleg innsats, handtering av utfordrande åtferd og organisasjonsutvikling.

Ein kan stilla spørsmål ved om implementeringa av *Vere saman* er av god nok kvalitet då ein ikkje har kjennskap til evalueringsprosessar. Implementeringskvaliteten reknast som god når det som er

planlagt i intervension og støttesystemet avvik lite frå det som faktisk blir gjennomført. Er det stort avvik mellom det som er planlagt og det som faktisk er gjennomført, vil implementeringskvaliteten bli låg (Roland & Westergård, 2015). Det er og starta arbeid med å implementere rammeplan og språkløyper.

Rammeplanen er barnehagen sitt styringsdokument, tilsvarende læreplanen i skule. Språkløyper er ei nasjonal satsing for språk, lesing og skriving iverksett av Utanningsdirektoratet. Det vil vera behov for å sikre god implementering av dei ulike faktorane ein vel. Dette kan bety at ein må gje utval og arbeida over tid og evaluera etter kriteria sett frå ulike perspektiv.

## Skule

Føremålsparagrafen (intensjonen til opplæringslova) seier at elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet.

Osterøyskulen er som andre skular i Noreg og globalt, inne i ei tid med dei største endringane på fleire hundre år. Hovudlinja er (sterkt forenkla) at skulen skal omstilla frå å vere ein stad for overføring av statisk kunnskap til utvikling av analytiske evner og kompetansar som kan omsetjast i det verkelege liv, anten det er i utdanning, jobb eller i livet generelt.

To område peikar seg særleg ut som viktige når det gjeld å ruste born og unge til vidare utdanning, yrke og livet generelt:

**21. århundret sine dugleikar** (kjent internasjonalt som omgrepet 21 century skills/Education 2030). I dette inngår kritisk sans, kreativitet, samarbeid og kommunikasjon.

**Livsmeistring** (kjent m.a. i Meld. St. 28 2015-2016 og ny overordna del av læreplanen i skulen). I dette inngår ein vid og djup sosial og emosjonell kompetanse, individuelt og som dugande samfunnsborgar.

Kunnskapsdepartementet uttalar at «mange born les og skriv for dåleg. Difor er det viktig med tidleg innsats, og å gje lærarar og barnehagelærarar betre kompetanse slik at dei finn nye og gode løysingar for å styrka språkarbeidet» (Språkløyper, 2018). Tidleg innsats handlar om å gje hjelp så tidleg som mogleg i eit menneske sitt liv, enten vanskane oppstår i førskulealder eller seinare i livet. Resultat frå nasjonale prøver i Osterøy kommune er noko lågt i høve til landsgjennomsnittet med mange elevar på meistringsnivå 1 (lågaste nivå). Det er stor skilnad på skulane, og til dels på kulla. Det er behov for å arbeida meir målretta med grunnleggjande dugleikar. Kommunen er som nemnt blitt språkommune og skal implementere språkløypa.

For å driva skuleutvikling i form av vurdering for læring i lys av 21.århundret sine dugleikar vil det vera viktig at alle skulane i Osterøy kommune arbeider meir med vurdering for læring og kompetansar for det 21.århundre. Dette blir sett fokus på gjennom den reviderte kommunale *Kvalitetsutviklingsplanen 2018-2022*.

Osterøy kommune har i dag fem kommunale og fire private skular. Dette representerer både moglegheiter og utfordringar. Regjeringa meiner at norske skular og kommunar i ulik grad har greidd å gje eit likeverdig opplæringstilbod til alle elevar. Det har gitt store forskjellar i elevane si faglege og

sosiale utvikling og i læringsmiljø (Kunnskapsdepartementet, 2018). Dette gjeld og i Osterøy kommune (jfr. resultat frå elevundersøking og nasjonale prøver).

Elevundersøkinga (utdanningsdirektoratet si landsomfattande undersøking, obligatorisk for 7. og 10. trinn) viser ei positiv utvikling på fleire område som blir målt, men at her og er utfordringar.

Undersøkinga syner ulikskap i kva grad barneskulane har teke i bruk digitale læremiddel for å utvikla digital kompetanse hjå elevane (Osterøy kommune, Sektor for oppvekst, undervisning og kultur, 2017).

Eit godt *læringsmiljø* er ein føresetnad for elevane si faglege og sosiale utvikling. Barneskulane har vore deltakarar i læringsmiljøprosjektet. Ein gjekk inn i dette grunna store skilnader mellom skular og kull i Osterøy kommune. Føremålet har vore å systematisera arbeidet med førebygging til ein høgare standard alle stader. Men ein har ikkje nok kjennskap til effekt av implementeringskvaliteten.

I høve elevar i vidaregåande skule og unge vaksne viser statistikk for fullført og bestått vidaregåande utdanning at Osterøy vidaregåande har ein høg del elevar som fullfører og består, 85-90% dei siste åra. Dette er over gjennomsnittet for dei vidaregåande skulane i Hordaland fylke som ligg på 82% (Espelid, 2018). Ferske tal frå NAV Osterøy syner at kring ein god del av brukarane under 25 år har så store lese -og skrivevanskår at dei ikkje er hjelpe i dagleglivet (Kalland, 2018). For at fleire born, ungdom og unge vaksne skal få utvikla potensialet sitt, vert lærarar og leiing viktig. Rekruttering og oppfølging av tilsette er eit viktig moment i dette. Det er behov for satsing på ein lærande organisasjon. Pedagogisk leiing av lærarane si læringsleiing gjer høgast effekt på elevane si læring (Robinson, 2014) . Dette krev kapasitet og kompetanse og ressursbruk på leiing.

## **Skulefråvær og drop-out**

Skulefravær over lengre tid og drop-out frå utdanning er fenomen som er viktige å førebyggja og setja inn tiltak mot. Dette er store sjølvstendige risikofaktorer for uhelse og levekårsproblematikk seinare i livet (Dahl, et al., 2014). Osterøy VGS har dei siste åra lagt litt under fylkessnittet for drop-out, med 5-8 elevar i året, for skuleåret var 2017/2018 var dette 3,4%, mot snittet i Hordaland på 4,1% (Hordaland fylkeskommune, 2018).

Det er viktig at Osterøy kommune aktivt arbeider med å redusere tal på drop-outs, og i samarbeid med aktører som skule, Oppfølgingstenesta og NAV arbeider for å sikra at ungdom er i utdanning eller arbeid. Vidare er det viktig at skule og relevante kommunale instanser arbeider aktivt for å førebyggja, avdekkja og setja inn tiltak tidleg ved skulefravær.

## **Fritid**

Born, unge og unge vaksne lever i ein heilskap og lærer og på andre arenaer enn i barnehage og skule. Frivillige organisasjoner fremjar aktivitet , trivsel og samhald. Born, ungdom og unge vaksne møtest på tvers på fritidsarenaer og i fritidstilbod. Det finst eit breitt utval fritidsaktivitetar (sjå kap. om kultur og fritid). Miljøet i desse aktivitetane er avgjerande for samspel, læring og utvikling. Born og unge skal og her oppleva inkludering, kjenna seg verdsette og ha det trygt og godt. Ein har erfaring med at konflikter på ulike fritidsarenaer vert tekne med inn i t.d. skulen. Ved kompetanseheving knytt til læringsmiljø, mobbing og sosial samhandling i frivillige organisasjoner og idrettslag kan ein truleg fremja auka trivnad.

## Sårbare born og unge

Omgrepet **sårbare born** har vid tyding. Born er likeverdige, men nokon av dei har særlege behov som ein treng å følgja opp. Dei har særlege behov utan å vera spesielle. Dette kan vera alt frå ulike funksjonshemmingar, lærevanskar til utfordrande livsfasar. Nasjonale tal viser at om lag 15-20% av born og unge har så store utfordringar at dei treng ei form for tilrettelegging i barnehage og skule. Det er altså langt fleire born og unge med behov for særskilt tilrettelegging i barnehage og skule enn dei som får spesialpedagogisk hjelp og spesialundervising (Nordahl, 2018).

I gjennomsnitt får 7% av norske elevar **spesialundervisning** (SSB, 2017) Spesialundervisning vert i mange tilfelle i Noreg karakterisert som aktivitet utan mål og meining (Barneombudet, 2017). Det blir gjennom forsking stilt spørsmål om spesialundervisning er rette hjelpa for auka læringsutbyttet (Nordahl, 2018). Tidlegare år har bruken av spesialundervisning i skulane i Osterøy Kommune lagt langt over landsgjennomsnittet. I barnehagane har det lagt under landsgjennomsnittet. Osterøy kommune har over lengre tid arbeidd for tidleg innsats og auka kvalitet i den ordinære opplæringa slik at behovet for spesialundervisning er redusert. Osterøy ligg no på linje med landssnittet.

Tilsette ved **Osterøy PPT** er fordelt som kontaktpersonar til dei ulike barnehagane og skulane. Dette er gjort for å koma tettare på barnehagane og skulane og gje hjelp som ein tenkjer er til det beste for borna. Dette betyr auka fokus på kompetanse- og organisasjonsutvikling. Ein ser i dette arbeidet at ein har ulik forståing av kva hjelp er, og ein manglar felles tolking knytt til omgrep som t.d. inkludering, læringsutbytte og tidleg innsats. Det er behov for å byggja felles forståing for ulike sentrale omgrep.

Ei sårbar gruppe i skulen er **born med minoritetsspråkleg bakgrunn**. Desse elevane skal takast i vare gjennom eigen paragraf (§2-8) i Opplæringslova (Lovdata, 1998). 10 % av alle barn på Osterøy har eit anna morsmål enn norsk (IMDI, 2019). Ein har erfaring med at det er stor skilnad i tilrettelegginga for desse elevane. Det er grunn til å tru at dette kan skuldast mangel på kompetanse og ukjare retningslinjer for arbeidet med desse elevane.

**Overgangar** kan vere krevjande for mange born. God overgang frå barnehage til skule er avhengig av eit godt samarbeid mellom dei to institusjonane. Osterøy kommune har ein plan for overgangar. Dette er positivt, men samarbeidet kan betrast – ikkje minst mot dei private skulane. For å kunna ta omsyn til, og førebu borna på framtida, må barnehagen ha kunnskap om kva borna vil møta i skulen. For å kunna ta omsyn til erfaringane til barnet, må skulen ha kunnskap om barnet sine tidlegere erfaringar frå barnehagen (Broström, 2009). Om Osterøy kommune ynskjer at born og unge skal oppleva eit heilskapleg løp, er det behov for å sjå på overgangar generelt. Mellom barnehage og skule betyr det profesjonell dialog mellom barnehagelærarar og lærarar der erfaringane dei har fått i barnehage og opplevinga som venter dei i skule og SFO - er utgangspunktet. På same vis vert eit samarbeid mellom heim og barnehage, Barneskule og ungdomsskule og vidaregåande opplæring viktig for at overgangane skal fungera godt.

## **Strategiar og tilrådingar**

**Ei utfordring er å tilpassa organisasjonen og einingane** til det ein skal levera - framtidsretta læring. Dette bør gjerast gjennom å settja nok kraft på og oppfølging av få fokusområde over tid.

### **Arbeida for gode overgangar**

Utveksling av informasjon og deling av erfaringar kan gje stor gevinst for tilrettelegging av læring for born. Overgangane heim - barnehage, barnehage - skule, barneskule - ungdomsskule, ungdomsskule - vidaregåande skule og vidaregåande skule - läretid/arbeidsliv/studietid representerer både moglegheiter og fallgruver. Det kan vera hensiktsmessig å bruke allereie etablerte nettverk i kommunen, som for eksempel rektormøte og styrarnettverk, og eventuelt utvida desse med pedagogar som arbeider med førskuleborna og fyrsteklasse for å fylgje opp arbeidet med gode overgangar.

### **Framtidsretta læring**

Evna til å gjere gode val for seg sjølv og fellesskapet står sentralt. Samstundes er ei rekke yrke og dagleglivet og basert på meir spesialisering, system og krav til ekspertise for å gjera ting rett eller gale (*komplisert kompetanse*). For eksempel teknologi me er omgjevne og avhengige av. Det er og her den viktige og tverrfaglege kompetansen i lesing (mellan anna målt på nasjonale prøver) kjem inn. Ein skal arbeide for å rusta born og unge til eit komplisert og komplekst samfunn – som individ og medborgar.

### **Profesjonelle medarbeidarar og organisasjonar**

Den viktigaste ressursen, våre tilsette, har eit stort potensiale. Ein må gjennom vidareutdanning og rekruttering omstilla seg til forståing og handling i tråd med oppdraget. For at elevane skal læra meir, må lærarane endra sjølve undervisninga på grunnleggjande måtar (Darling-Hammond, et al., 2009). Ein må bruka kunnskap om resultat til kvalitetsutvikling. Det føreset skular med profesjonsfelleskap som har kompetanse og kapasitet til å skapa ny undervisningspraksis (Meld st. 21). Dei profesjonelle medarbeidarane i oppvekstsektoren må ha ei felles forståing av omgrep som inkludering, tilpassa opplæring og utbytte av opplæringa.

For å ivareta den nødvendige organisasjonsutviklinga av skulane driv kommunen sjølv omfattande utviklingsarbeid i samarbeid med eksterne aktørar – til dømes KS konsulent og James Nottingham. Osterøy kommune er og ein del av Nordhordland kompetanseregion (NKR). Individuell utvikling skjer i hovudsak gjennom vidareutdanning og målretta krav til den profesjonelle medarbeidar som allereie er tilsett, eller ynskjer å arbeida i Osterøy-skulen.

Staten har gjennom mange år initiert utviklingsarbeid på områda, noko Osterøy kommune sine skular har teke del i. Mellom anna gjeld dette læringsmiljøprosjektet der alle dei kommunale barneskulane deltok og ungdomstrinn i utvikling der Osterøy ungdomsskule deltok. Frå 2018 er kommunale barnehagar og skular i Osterøy kommune med i satsinga på språkommune. Kriteria for å koma med er mellom anna behovet for å få fleire elevar på høgare meistringsnivå når det gjeld lesing.

### **Gode tiltak for sårbare born**

For sårbare born er det avgjerande at støtteapparata kan hjelpe med kompetanse i barnehage og skule. Støttetenestene i kommunen er organiserte i Familiens hus. Det ligg potensiale i å utvikle dette samarbeidet internt og saman med barnehagane og skulane. Her kan det vere føremålstenleg å

arbeida med tolkingsfellesskap knytt til sentrale omgrep som for eksempel tidleg innsats, inkludering og utbytte av opplæringa. Å arbeide fram ei felles forståing av barnet sitt beste og kva hjelp er, vil og vere føremålstenleg.

## 5. FYSISK OPPVEKSTMILJØ

### Innleiing

Den fysiske utforminga av bu- og nærmiljø, og tilgjengeleg natur og friluftsliv, har stor betydning for born, ungdom og unge vaksne si fysiske og psykiske helse. Ulike arenaer for fysisk aktivitet representerer viktige sosiale møteplasser og har betydning for leik, fellesskap og tilhørsle.

**Mål:** Osterøy kommune skal ha eit fysisk oppvekstmiljø som er trygt for born, ungdom og unge vaksne og som legg til rette for betre fysisk helse, aktivitet, sosial interaksjon og inkludering.

### Ufordringar og behov

#### Bumiljø

Osterøy kommune er ein utstrakt kommune med store avstandar, ulikskapar mellom bygdene og nye og gamle bustadområder. Det kan vera utfordrande å sikra gode kvalitetar i alle bustadområda i kommunen – som for eksempel gang- og sykkelvegar, tilrettelegging for rørslehemma, leikeplassar og uteområder. Samfunnsplanen til kommunen gjev tydeleg uttrykk for at ny bustadutvikling skal prioriterast i områdesentra og i eksisterande tettstader, og at offentlege tenestetilbod i all hovudsak skal leggjast til kommune- og områdesentra (Osterøy kommune, 2003-2014). Det tyder at ein må sikra eit godt og trygt fysisk oppvekstmiljø uavhengig av kvar ein buset seg. Dette handlar ikkje om å tilretteleggja likt alle stadar, men at ein må sikra gode kvalitetar i nye tiltak og utbyggingsprosjekt.

Tidlegare har Osterøy vore ein stad der dei fleste vaks opp i einebustad, noko som er i endring. Det vert bygd stadig fleire fleirmannsbustadar, dette kan verka inn på det fysiske oppvekstmiljøet til born, ungdom og unge vaksne. Pr. 2018 finst det 741 husstandar som held til i leilegheiter, tomannsbustadar, småhus eller liknande mot 301 i 2006. 14,5% av innbyggjarane i kommunen leiger bustad (SSB, 2017). Ein har grunn til å tru at dette primært ikkje dreier seg om store bustadar. Der born og unge tidlegare gjerne møttest heime hjå kvarandre, vil dei fysiske tilhøva no setja avgrensingar for dette. Mindre plass heime gjer at etterspurnaden etter møtestadar utanfor heimen melder seg.

Kostra tal frå 2017 viser at Osterøy kommune disponerer 155 kommunale bustadar (SSB, 2017). Desse bustadene huser ulike grupper av innbyggjarar og ein vil møta kulturelle, økonomiske og sosiale skilnader. For å sikra best mogleg inkludering og integrering bør ein unngå ei opphoping av kommunale bustadar innafor eit lite geografisk område. Samstundes må desse bustadane liggja i område med godt kollektivtilbod.

Ved nybygg vert det stilt ei rekke krav som skal ivareta, born og unge sine interesser og behov. Eldre bygningar har ikkje dei same krava. Universell utforming og bygningsmessig kvalitet på eksisterande bygningsmasse er difor varierande i kommunen. Desse skilnadane kjem mellom anna tydeleg fram på skulane våre. Dette er negativt med tanke på til dømes inkludering.

## Møteplassar, leikeplassar og tilgjengeleg natur

Ungdom og føresette oppgjev at dagens møtestader gjerne er leikeplass, butikk, idrettsanlegg, badeplass og liknande. Desse nemner og at ungdom treffast mindre fysisk enn før, ettersom skjermbruk har tatt over større delar av fritida til born og unge. Ungdomen sjølv vil gjerne ha eigna opphaldsstadar som dei sjølve kan disponere etter eigne ynskje, og utan for mykje vaksenstyrт aktivitet. Dei nemner mellom anna fritidspark, open hall, symjeanlegg og ein stad der dei kan vera sosiale samstundes som dei er i aktivitet, men utan for mykje organisering. Det er stor semje om at det er viktig at slike opphaldsstadar er innbydande, hovudsakleg reine og ryddige (FAU, 2018; SU, 2018; Idrettsrådet, 2018).

I undersøkinga som var retta mot born, ungdommar og deira føresette, vart Osterøy sin flotte natur og moglegheiten den gjev for fysisk aktivitet framheva. Samstundes vart det meldt behov for meir tilrettelagde friluftsområde med tydeleg merka turstiar, bålpllassar, eigne turløyper for born, betre tilgjenge for alle brukargrupper og eit betre vedlikehald. Forskjønning, betre/fleire toalett, bosstømming og parkeringstilhøve nær natur- og friluftsområda vart etterspurt. Nokre seier at nærområdet er lite innbydande og at mangel på trygg tilkomst hindrar bruken (FAU, 2018; Idrettsrådet, 2018; SU, 2018; Ungdomsråd, 2018). Ein må i tillegg sikre seg at omgjevnadane er opne og tilgjengelege så ein i størst mogleg grad kan førebyggje mellom anna mobbing. På leikeplassane er det ei utfordring at desse ikkje blir tilstrekkeleg opparbeida i samband med utbygging, eller at dei ikkje vert tilstrekkeleg vedlikehaldne over tid. Vidare er det mangefull tilpassing og utforming av leikeplassar for rørslehemma og andre såbare grupper.

Mange barn og unge deltek i organisert idrett og det er viktig at kommunen har eit breidt tilbod og tilgjengelege anlegg. Ungdommane sjølve har forståelse for at det ikkje kan vere fullskala idrettsanlegg i kvar grend, men dei meiner det er viktig at det finst baner og haller i bygdesentra som ein kan nå med kollektivtilbod (Ungdomsrådet, 2018). Utbygging og drift av idrettsanlegg og idrettsklubar er i stor grad avhengig av frivillig sektor, med offentleg støtte (som til dømes spelemidlar, halleige med meir).

## Kommunikasjon og trafikktryggleik

Trafikksikring er viktig for eit trygt oppvekstmiljø. Vegnettet på Osterøy er godt utbygd, men det er til dels lange avstandar mellom bygdene og områdesentra, og kollektivtilboden er avgrensa utanom skuletida. Dette gjev utfordringar ved deltaking på fritidstilbod for born og unge som er busett utanfor områdesentra. Kommunen har fleire vegstrekk som er definerte som farlege skulevegar, der det er gjort vedtak om skyss for skuleborn. Av skuleborna på Osterøy er det per 2017 58,3% som får tilbod om skuleskyss. Desse har ikkje skuletilbod i gangavstand (SSB, 2017).

Det er dokumentert nedsett kondisjon, oftare ryggplager og andre helseplager hos barn med skuleskyss samanlikna med dei som går/syklar til skulen og det er indikasjon på høgare risiko for overvekt hos elevar med skuleskyss. Nordlandsforsking peikar på at verdien av den mosjonen ved å gå, sykle el likn som dei unge får, er særlig viktig i dagens samfunn der så mykje tid går til sosiale media og elektroniske spel. (Nordlandsforskning, 2019)

Undersøkingar i ulike foreldreutval ved barnehagane og skulane, viser at både born, ungdom og unge vaksne, og dei føresette, er opptekne av å kunna ferdast trygt omkring i nærmiljøet (FAU, 2018; SU, 2018). Dei understrekar kor viktig det er med gode gang - og sykkelvegar. Dette er per i dag berre tilrettelagt i kommunenesenteret og eit par av områdesentra.

## **Strategiar og tilrådingar**

Korleis det er der born veks opp kan avgjera den enkelte sine høve for ein trygg oppvekst, motorisk utvikling og ei god helse. Ein må ta særlege omsyn til sårbare grupper som til dømes funksjonshemma born, born i fattigdom og fleirkulturelle born. Bustadområde, møteplassar, friområde og leikeområde må vere utforma slik at dei sikrar eit godt oppvekstmiljø. Ein må også ta omsyn til om det er element av ureining som påverkar born og unge sitt oppvekstmiljø.

### **Bumiljø**

Plan- og bygningslova, byggeteknisk forskrift og arealplanar er verkemiddel for å styre utforming og bruk av bygningar, anlegg og område. I kvar plan og byggesak vil det vere ulike behov for styring for å oppnå eit ønska resultat. Kva som gjev best resultat for eit område, bør baserast på stadanalyser og medvitne val om kva som er viktig i det enkelte lokalmiljø.

### **Møteplassar, leikeplassar og tilgjengeleg natur**

Møte- og leikeplassar i kommunen må ha gode nok kvalitetar og vera tilrettelagde for fantasibasert leik, fysisk utfalding, samvær og interaksjon mellom born og vaksne. Eksisterande friluftsområde kan med enkel tilrettelegging gjerast tilgjengelege for fleire ved å oppretta grusvegar, betra parkeringstilhøva, oppretta fleire toalett og stasjonar for boss. Kommunen bør ta sin del av vedlikehaldet og sikra eit godt samarbeid med andre grupper som for eksempel helselag, grendaråd og turlag. For å møte dei unge sine ynskje kan det eksempelvis vera eit krav at fleire møteplassar og friluftsområde vert klimatisk tilpassa med sitjeplassar med tak. Ved tilrettelegging må ein ta særleg omsyn til sårbare grupper som til dømes funksjonshemma born, born i fattigdom og fleirkulturelle born då desse gruppene kan ha andre behov enn fleirtalet av innbyggjarane. Betre tilrettelegging og kvalitetssikring av leike- og møteplassar kan oppnåast ved å laga ein rettleiar med minimumskrav til kvalitet og utforming.

Ettersom born og unge og er brukarar av ulike kommunale bygg, tilrår ein at ein legg til eit særkrav om at kommunale byggjeprosjekt/offentlege bygg i Osterøy kommune skal ha ei aktivitets- og interaksjonssone tilpassa born og unge som kan bidra til ein form for aktivitet. Ein vil og oppmoda om å fylgja opp dette på eksisterande bygningsmasse. Dette for å setje fokus på born og unge ettersom denne aldersgruppa er vurdert som svært viktig i kommunen sin førebyggjande innsats og langtidsverknaden av folkehelsearbeidet.

Framtidig planlegging og utbygging av idrettsanlegg bør vere tufta på ei helskapleg vurdering av behov og eigna lokalisering (i hovudsak i kommunesenter med kollektivtrafikktilkomst). Kommunen bør utgreie om det er hensiktsmessig med ei sterkare satsing på breiddeidrett for å nå fleire barn og unge som i dag ikkje deltek i idrettslag, eller om satsinga på handball og fotball bør styrkast. Eit godt kunnskapsgrunnlag for prioritering av tiltak og satsing vil vere kommunedelplanen for idrett og friluftsliv.

### **Kommunikasjon og trafikktryggleik**

Osterøy kommune har ein trafikksikringsplan basert på overordna målsetjingar på nasjonalt og regionalt nivå (Osterøy kommune, 2016). Denne planen slår fast lokale mål, og mål for mjuke

trafikantar, særskild born og unge<sup>2</sup>. Trafikksikringsplanen ligg til grunn for prioritering av tiltak i kommunen og tildelingar av regionale midlar. Det er viktig å ha ein oppdatert og realistisk trafikksikringsplan.

Trafikksikringsarbeid retta mot born og unge i Osterøy kommune i dag er i stor grad knytt til informasjons- og haldningskampanjar, samt førebyggjande program. Både helsestasjonen, barnehagane, barneskulan og ungdomsskulan er involverte i desse. Kommunen si planavdeling er ansvarleg for at trafikktryggleik, med tanke på å sikra trygg ferdsel for alle trafikantgrupper, vert teke omsyn til i planprosessar.

God arealplanlegging kan bidra til å kompensere heilt eller delvis for ulempene ved høg andel skuleskyss i kommunen ved til dømes å sikre at transport til skulen har ein viss avstand til sjølve skulebygget (utforma som hjartesone el tilsvarande) slik at også dei som treng skuleskyss kan få noko fysisk aktivitet før og etter skulen. Det å sikre trygg skuleveg og trygg moglegheit for gange og sykkel til viktige målpunkt som idrettsanlegg og skular er også viktig.

Hovudstrategiane for å sikre god kommunikasjon og trafikktryggleik som ledd i eit trygt oppvekstmiljø for born og unge i Osterøy bør vera følgjande:

- prioritera mjuke trafikantar og få på plass helsefremjande transportløysingar som trygge og samanhengande sykkel- og gangvegar i og rundt tettstadene våre
- arbeida for eit effektivt kollektivtilbod i kommunen
- arbeida for å ha sikre vegar for born og unge på Osterøy

---

<sup>2</sup> Prioriterte fysiske tiltak og øvrige tiltak er skildra nærmare i handlingsplan for trafikksikring i Osterøy kommune (Osterøy kommune, 2016).

## 6. KULTUR OG FRITID

### Innleiing

Det frivillige organisasjonslivet på Osterøy medverkar med eit mangfald av fritidstilbod for born og unge. Idrettslag, speidar, korps, teater, kampsport, spel og dansarlag og kyrkjesamfunn. Av desse er det idretten og spesielt fotball som engasjerer den store breidda av born og unge. Deltaking i fritidsaktivitetar speler ei viktig rolle i oppveksten. Den digitale utviklinga gir born og ungdom nye rom for å dyrka, utvikla og dela sine interesser uavhengig av tid og stad. Bruken av sosiale media påverkar på same måte omgangsformene til born og unge. Dei kommunale tenestene for born og unge må i framtida måtte manøvrera i dette landskapet som vil vera i konstant endring. Korleis skapa gode møteplassar, både organiserte og uorganiserte? Målet vil likevel vera det same: Gje borne og unge kjensla av å høyra til i eit fellesskap.

**MÅL:** Born, ungdom og unge vaksne skal ha eit variert, tilpassa og tilgjengeleg kultur- og fritidstilbod.

### Trendar og utviklingstrekk

Det er ei endring i organisasjonssamfunnet i dag samanlikna med tidligare. Tidlegare arbeidde fleiralet av organisasjonane med humanitære tiltak ved å hjelpe vanskelegstilte med materiell eller åndeleg støtte. Sjølv om ein har fleire humanitære organisasjonar i dag, er det ikkje lenger dei som dominerer organisasjonssamfunnet. Samfunnsendringar har skapt ei dreining av organisasjonssamfunnet, og ein ser ei auke i eigenorganisert<sup>3</sup> frivillig medverknad innan idrett og kultur. Det er og ei sterk auke i interesseorganisasjonar innan helse- og sosiafeltet. Ein ser ei auke i spesialisering innan organisasjonssamfunnet, der det vert starta nye organisasjonar for kvar nye aktivitet eller interesseområde i staden for å utføra dei i allereie eksisterande organisasjonar. Røde kors er eit eksempel på ein tidlegare brei organisasjon som no har fått fleire spesialiserte, autonome undereiningar som til dømes hjelpekorps-, omsorg- og ungdomseining (Wollebæk, et al., 2000).

Trenden på landbasis viser at det har vore nedgang i deltaking i frivillige organisasjonar: speidarrørsla, korps, kor og livsynsforeiningar. Idrettslag har i stor grad oppretthalde deltakinga (Ungdatasenteret, 2017).

I nyare tid har det vore meir fokus på den nye folkehelseutfordringa – einsem. I lys av dette kan ein sjå at det skjer ei dreining i utviklinga av humanitære organisasjonar og tiltak, og fleire tilbod veks fram igjen frå dette. På Osterøy har det vore ei positiv utvikling i humanitære tiltak for å førebyggja einsem. Språkkafe i samarbeid mellom Osterøy lærings- og integreringssenter og frivillige, og oppretting av omsorgsavdeling i Røde Kors Osterøy er nokre eksempler.

### Status i Osterøy kommune

Som nemnd i innleiinga, tilbyr dei frivillige organisasjonane eit stort og variert fritidstilbod til born og unge. Kommunen har ikkje eit eige kulturkontor, men frivilligkoordinator, bibliotek og kulturskule. Kommunen driftar skulebygg og Osterøy Aktiv AS driftar idrettshallen. Dette er anlegg som blir mykje

<sup>3</sup> Eigenorganisering beskriv ein prosess der ein i aukande grad organiserer seg for å dekke eigne behov og interesser, i motsetning til å arbeide for andre eller samfunnet som heilhet.

nytta til idrett og andre kulturaktivitetar. Kultur framstår ikkje som eit eige tenesteområde i den kommunale forvaltninga, men fordeler seg på fleire sektorar.


På kommunebarometeret si siste måling ligg kommunen vår på ein 404. plass av i alt 424 kommunar (Kommunal rapport, 2018). Plasseringa viser kor stor del av kommunebudsjettet som vert brukt på kultur. Kommunebarometeret viser likevel ikkje eit heilskapeleg bilet av fritidstilbodet på Osterøy. Det er i tillegg stor aktivitet innafor kultur og idrett i bygdene på Osterøy i regi av frivillige aktørar.

## Kulturskulen

Osterøy kulturskule tilbyr undervisning innan dei fleste kulturelle uttrykk: musikk, song, dans, kunst, teater, film og media. Utviklinga dei siste åra viser ein liten nedgang i tal på elevar som tek individuell musikkundervisning og ein tilsvarende auke i dans. Om lag 25 % av elevane i grunnskulen på Osterøy deltek på ein eller fleire tilbod i kulturskulen. Det er godt over landsgjennomsnittet.

I 2016 fekk kulturskulen ein ny nasjonal rammeplan. Denne planen legg stor vekt på kulturskulen som ressurs i lokalsamfunnet (Norsk kulturskoleråd, 2016). I komande planperiode vil det vera naturleg at kulturskulen speler ei aktiv rolle for å sikra born og unge ei god psykisk helse. Kreative aktivitetar kan gje auka deltaking, meistrings- og sjølvkjensle.

Born 6-15 år i kulturskule  
i prosent (2016)




## Osterøy folkeboksamling

Osterøy folkeboksamling er ein viktig arena som kulturformidlar til born og unge. Gjennom sine aktivitetar retta mot skular og barnehage er biblioteket ein viktig bidragsytar for gode kulturopplevelingar. Bokbussen besøkjer skular og barnehagar tre dagar i veka og held turnear med skodespel til skulane kvart semester. Biblioteket organiserer tiltak for å stimulera til lesing på skulane og barnehagane og dei har og ei relevant og lett tilgjengeleg mediesamling.

Biblioteket har eit variert tilbod av arrangement, og samarbeider med andre om dette mellom anna senioruniversitet og språkkafé.

Besøk på bibliotek pr.innb.  
(2016)




Utlånet på biblioteket og bokbussen er i sum høgare enn landsgjennomsnittet, høgare enn gjennomsnittet for born, lågare for vaksne.

## Fritids- og kulturarenaer

Osterøy kommune stiller skulebygg til disposisjon for kulturaktivitetar. Elles er det det frivillige kulturnivet som sjølv står som eigar av andre kulturygg (ungdomshus/grendahus). Osterøy museum tilbyr regelmessig kulturaktivitetar for alle aldersgrupper. Sokneråda på Osterøy er ein viktig konsertarrangør og legg til rette for at kyrkjene vert nytta som kulturarena.

Aulaen på ungdomskulen er det nærmeste me kjem ei storstove for kultur og større fellessamlingar. Denne salen er eigentleg eit myldreområde for ungdomsskulen, men skulen strekkjer seg langt for at andre aktørar skal få tilgang til salen. For at aulaen til ei kvar tid skal kunne nyttast til ulike føremål, er ein alltid avhengig av frivillige eldsjeler som sørger for at dei tekniske innretningane verkar som dei skal. Osterøy kommune brukar betydelig mindre av midlar til drift og investeringar innan kultur enn samanliknbare kommunar<sup>4</sup> (tabell 3 og 4) (SSB, 2016).



### Organisert fritidstilbod

Osterøy kommune har eit breitt tilbod av organiserte fritidstilbod for born og unge. Idrettslag har dei største medlemsmassane, men korps/skulemusikk og nokre ungdomslag har også god oppslutning. Born i barneskulealder har eit breiare tilbod enn ungdom og unge vaksne. Born i førskulealder har tilbod som turn, fotball, klatring, og dansleik. Born i barneskulen har eit breitt tilbod innan idrett, tilbod innan skulemusikk/korps, 4H, speidar, teatergrupper i ungdomslag, og fleire ulike arrangement som diskotek og aktivitetskveldar. For ungdom har ein eksempelvis aktivitetar i regi av livssynsorganisasjonar, eit nyopprett DNT-ung og ulike tilbod innan idrett. Kommunen har ikkje etablerte ungdomsklubbar der ungdommen sjølv driv aktiviteten.

### Organiserte møteplassar

Osterøy kommune har få tilrettelagde, uorganiserte møteplassar og fritidstilbod for born og ungdom. Det er varierande aktivitet i ungdomslaga, men nokre av dei har ulike arrangement der born og unge kan koma på fritida. Erfaringa til elevar ved Osterøy vidaregåande, var at det var utfordrande å arrangere sosiale samankomster for ungdom, då det vart eit problem med medbrakt alkohol. Det er breiast tilbod for born i barneskulealder, då det er enklare å få nokon til å arranger og ta ansvaret. Ungdommen samlast gjerne heime hjå kvarandre, men det kan vera utfordrande dersom ein er mange. På sumarstid samlast dei ofte på friluftsområda tilknytta badeplassane (Ungdomsrådet, 2018).

### Utfordringar og behov

#### Tilgjengeleg fritidstilbod – kva er det?

I utgangspunktet er organiserte fritidstilbod tilgjengeleg for alle, sidan det er høve for alle å meld seg inn og delta. Likevel er det barrierar som gjer at nokre grupper ikkje deltek. Barnefattigdom er

<sup>4</sup> Kostragruppe 10 er ei gruppering av kommunar etter folkemengde og økonomiske rammebetingelsar.

ein av hovudgrunnane til at fleire born ikkje deltek i fritidsaktivitetar. Føresette som har lågare betalingskapasitet unnlet gjerne å motivera borna til å delta på aktivitetar, og born i låginntektsfamiliar kjenner gjerne til situasjonen heime og unnlet å vise interesse for å skåna dei føresette. Fleire organisasjonar har ordningar der dei som har behov for det, kan sleppa å betale kontingent, for eksempel fripass i kulturskulen. Det er likevel få som nyttar seg av dette, då det kan opplevast stigmatiserande å be om fripass. Noko av utfordringa kan og liggja i at informasjonan ikkje når ut til målgruppa.

Ei kjend utfordring er å nå ut til målgruppene med informasjon om tiltak og aktivitetar som me har i kommunen. Organisasjonane kommuniserer gjennom Facebook, med plakatar og gjennom møter med bekjente. Nokre aktivitetar vert formidla gjennom skulane som ranselpost. Organisasjonane på Osterøy treng einast om ein felles plattform for å kommunisera ut tilboda sine.

## Kommunen si rolle

Kommunen har ei viktig rolle i tilrettelegginga gjennom kulturskule og bibliotek. I tillegg er kommunen ein viktig aktør som medverkar med lokale til fritidsaktivitetar, styrearbeid og liknande.

Kommunen har ei viktig rolle i å tilrettelegga for at frivillig sektor skal kunna veksa og utvikla seg. Kommunen bør i større grad sjå på korleis ein gjennom samarbeid mellom ulike einingar og frivillige organisasjonar kan nå born og unge som av ulike grunner ikkje deltek i idrett og kulturaktivitetar. Osterøy ligg langt under landsgjennomsnittet når det gjeld bruk av ressursar til kultur for born og unge (SSB, 2016). Kommunen som ein katalysator i kommunikasjon mellom lag og organisasjonar og målgruppa, kan medverka til auka deltaking. Samarbeid mellom frivillige lag og organisasjonar og skulane kan medverka til at informasjon når ut til alle grupper.

## Idrettsråd – kulturråd

Osterøy Idrettsråd er eit samarbeidsorgan for idretten . Rådet samarbeider med kommunen om tiltak for å fremma fysisk aktivitet for born og unge. På same vis er det eit behov for eit kulturråd som kan vera kommunen sin samarbeidspartner og høyringsinstans innafor kulturfeltet.

## Deltaking blandt ungdom

Ungdataundersøkinga viser at ungdomsskuleelevar i Osterøy kommune er mindre aktive i ungdomsklubb på fritida enn snittet i fylket eller resten av landet. Kommunen har ikkje noko aktiv ungdomsklubb i dag, men fleire aktive ungdomslag som driv aktivitetar i ungdomshusa og livsynsorganisasjonar som har ungdomsarrangement. På landbasis ser ein at det er færre som deltek i ungdomsklubb i vidaregåande skule enn på ungdomsskuletrinnet (Ungdatasenteret, 2017). Tala frå ungdataundersøkinga viser at ungdomsskuleelevar i Osterøy kommune og har litt lågare deltaking i både idrettslag og anna organisert fritid (Ungdatasenteret & KoRus Vest Bergen, 2017).

## Dei føresette si rolle

Deltaking på fritidstilbod i før- og barneskulealder er prega av at føresette styrer og tilrettelegg for aktivitet. Føresette er gjerne dei som presenterer tilboda for borna og dei har gjerne tettare oppfølging på dei ulike aktivitetane. Når borna kjem i ungdomsskulealder, er dei meir sjølvstendige i val av fritidstilbod, og informasjon om tilboda når gjerne ikkje ut til dei. Føresette har mindre tett oppfølging og det er større mogelegheit for at ein fell frå aktivitetar. Korleis ein prioriterer fritida si er også opp til ungdommene i større grad enn tidlegare. Tilbod i nærmiljøområdet til yngre born er

viktig for både deltaking og for å unngå mykje bilbruk. Dei eldre borna kan gjerne ha litt lenger reiseveg, då dei kan nytta seg av kollektivtransport.

### **Ungdommen sine behov**

Ungdom i Osterøy kommune har uttrykt eit ynskje om eit tilbod som er ope på fritida, der ein kan koma og gå som ein vil utan å melde frå. Som eksempel tek dei fram ein FYSAK-hall med moglegheiter til å vere fysisk aktiv utan å aktivt melda seg inn i eit idrettsalg eller liknande. Dei ynskjer ein plass der ein kan vera utan å delta, sjå på andre som trenar, og møta folk. Dei ytrar eit ynskje om ein plass med kantine/kafé der ein og kan eta medbrakt, gjera lekser eller møte vene. Det er viktig at det er nettligong i lokala (Ungdomsrådet, 2018).

### **Unge vaksne sine behov**

Stadig fleire i aldersgruppa 18 – 25 slit med å fullføra utdanning og å kome inn på arbeidsmarknaden. Ein del av desse kjenner på einsemd og har psykiske helseplagar. For mange av desse unge vaksne kan deltaking i det frivillige organisasjonslivet gjere ein positiv forskjell (Regjeringen.no, 2014-2015).

Kulturskulen med sine mange ulike tilbod kan medverka til å dekkja unge vaksne sine behov. Offentlege og frivillige aktørar må saman bli flinkare til å nå denne målgruppa med tilbod i kultur og idrett. Her kan det gjerast mykje med god kommunikasjon mellom einingane – eksempelvis kulturskulen og NAV.

## **Strategiar og tilrådingar**

Kommunen må arbeida for å tilretteleggja for utvikling og kontinuitet i fritidstilbod for born og unge. Eit viktig fokus må vera å gjere fritidstilbod tilgjengelege for alle og arbeida mot eit inkluderande og mangfaldig osterøysamfunn.

### **Frivilligpolitikk**

Frivilligpolitikken i kommunen vil leggja føringar for korleis kommune og frivillig sektor kan samarbeida for å utvikla og ivareta fritidstilboda. Kommunen som ein samarbeidspartner med frivilig sektor, kan medverka ved å gjera fritidstilboda i kommunen kjende gjennom samarbeid med skular og barnehagar. Aktivitetsdagar og samarbeid med eksempelvis idrettslag kan opne mogelegheiter for auka deltaking i fritidsaktivitar, og i tillegg gje eit utvida tilbod i skule og barnehage.

### **Fritids- og kulturarenaer**

Grunna folketalsveksten som er venta på Osterøy i åra framover, bør ein ny oppdatert communal samlingsarena for kultur vere eit tema. Kapasiteten i aulaen på Osterøy Ungdomsskule er begrensa og i Osterøyhallen er det ikkje kapasitet til meir aktivitet enn i dag. Det kan vera ein idé å sjå på desse behova i samanheng. Med eit kulturbygg i tilknytning til idrettshall og symjehall kunne ein ha felles foaje, kantine og uteområde, som og kan vera eit naturleg samlingspunkt for ungdom. Kulturskule og bibliotek høyrer naturleg til i ei slik samlokalisering. På same måte som ein idrettshall genererer ny aktivitet, vil ein sal tilpassa kultur leggja til rette for nye kulturtilbod av høg kvalitet. Det vil vera med på å gjera Osterøy til ein meir attraktiv kulturkommune.

### **Kulturkontor**

Det er behov for eit bemanna kulturkontor med eigen ungdomskontakt. I eit slikt kulturkontor kan ein då koordinera aktivitetar i skjæringspunktet mellom bibliotek, kulturskule, frivilligkoordinator og foreningslivet. Det er viktig at informasjonen er tilgjengeleg for alle instansar som treng det, og som

kan formidle tilboda direkte til dei som har behov. Eksempel på dette kan vera barnevernet eller helsestasjonen.

## 7. SAMFUNNSENGASJEMENT OG PÅVERKNAD

### Innleiing

Eit demokratisk samfunn kviler på at alle har like rettar og høve til å delta i avgjerdssprosessar. Born og unge sine rettar til engasjement og påverknad er nedfelt i ulike lovverk og planar. FN sin barnekonvensjon artikkel 12 slår fast at alle born har rett til å seie meininga si i alt som vedkjem dei, og barnet sine meiningar skal det leggjast vekt på. For born og unge i Noreg er dette fyrst og fremst knytta til det nære oppvekstmiljøet der dei bur, går på skule og der dei oppheld seg på fritida.

Mellom anna skal skulen leggja til rette for at born og unge skal få læra kva demokrati betyr i praksis (Kunnskapsdepartementet, 2017). Det inneber at elevane får vera med og vurdera eige skolemiljø og innhaldet i undervisninga. Då er det viktig at det finst velfungerande fora der elevane kan bli høyrde. Plan- og bygningslova (§ 5-1) pålegg kommunen å sikra aktiv medverknad for born og unge. Skal ein planleggja for framtida, er det viktig at dei ein planlegg for, får høve til å påverka i avgjerdssprosessane.

**MÅL:** Å leggja til rette for at alle born, ungdom og unge vaksne kan medverka til å utvikla lokalsamfunnet. Å ta born si involvering, medverknad og engasjement på alvor, og gje dei reell påverknad i avgjerdssprosessar.

### Dagens arena for medverknad

#### Elevråd

Ifølgje Opplæringslova § 11-2 skal det ved kvar grunnskule for årstrinna 5-7 og for årstrinna 8-10 vera eit elevråd med representantar for elevane (Kunnskapsdepartementet, 1998). På vidaregåande skule skal det vera med elevar frå alle trinn. Elevråderepresentantane kan ta opp saker som klassane meiner elevrådet bør ta vidare med rektor. Elevrådet skal fremja fellesinteressa til elevane på skulen og arbeida for å skapa godt lærings- og skolemiljø. Rådet skal og kunna uttala seg i - og koma med framlegg i saker som gjeld nærmiljøet til elevane. For mange born og unge vil deltaking i eit elevråd vera fyrste erfaring med å delta i eit demokratisk organ. Dette gjer elevrådet til ein viktig trenings- og læringsarena og kan motivera den enkelte til å delta i demokratiske prosessar i kommunen.

Osterøy vidaregåande skule er medlem i Elevorganisasjonen, som og er eit eksempel på ein arena for medverknad. Elevorganisasjonen arbeider for at elevar og lærlingar skal bli høyrde i saker som gjeld læringskvardagen deira (Elevorganisasjonen, 2018).

#### Ungdomsråd

Bakgrunnen for å oppretta Ungdomsråd er at ungdom skal få seia si meining om tema som er viktige for born og unge, mellom anna om politiske vedtak og planar i kommunen som vedgår dei. Vidare skal dei og kunna ha eigne aktivitetar, og fremja eigne saker i kommunen. Det er opp til kvar enkelt kommune kva organisering ein ynskjer for medverknad av ungdom (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 1993). Det er rådet sjølv som vel kva saker dei skal arbeida med.

Ungdomsrådet i Osterøy kommune vart etablert i 2014 og kommunen har vore ansvarleg for å stilla med koordinator for rådet. Dette medverkar til betre kontinuitet i møta. I vedtekten til Osterøy

ungdomsråd går det fram at det skal vera 11 hovudrepresentantar: 5 elevar frå Osterøy Ungdomsskule, 3 elevar frå Danielsen Ungdomsskule og 3 elevar frå Osterøy Vidaregåande skule.

## Politiske ungdomsparti

Ungdomsparti kan vera ein viktig arena for rekruttering av nye, yngre medlemmer til politiske parti og seinare til heradsstyret. Osterøy har nokre få politiske ungdomsparti, men og medlemar i regionalt fylkesparti i Hordaland (Nøkkelinformantar politiske parti Osterøy, 2018).

## Digitalt engasjement

Politisk engasjement blant unge blir i større grad uttrykt gjennom sosiale media. Dette kan handla om spesielle enkeltsaker eller ulike organisasjonar sitt arbeid lokalt, nasjonalt eller internasjonalt. Sosiale medium kan vera ei viktig plattform både for å fremja saker og for å få fram synspunkt, også i Osterøy. Digitale løysingar gjer det mogleg for elevråd, ungdomsråd, politiske ungdomsparti, interessegrupper og kommune til å skapa samfunnsengasjement og å påverka avgjerdss prosessar.

## Lag og organisasjonar

I dei fleste lag og organisasjonar på Osterøy finn me ungdom og unge vaksne involvert i drift og styre. Dei har roller som trenar og instruktør og ofte medverkar dei med praktisk innsats eller synspunkt som betyr noko for andre born og unge sine oppvekstkår. Unge i lag og organisasjonar er ofte positive rollemodellar i sitt nærmiljø og utgjer eit potensiale i forhold til å auka samfunnsengasjement og påverknad. Lag og organisasjonar spelar og ei viktig rolle i demokratiopplæring gjennom medverknad i organisasjonane (Wollebæk, et al., 2000).

## Utfordringar og behov

### Verdien av deltaking

Deltaking i frivillige organisasjonar har fleire viktige funksjonar, men den viktigaste for kvart individ er nok den sosialt integrerande funksjonen. Organisasjonar som medverkar til sosial integrasjon spelar ei viktig rolle for sosial stabilitet og eit velfungerande demokrati (Wollebæk, et al., 2000). Ulike organisasjonstypar har gjerne ulik verdiskaping. Eksempel på dette kan vera den sosiale ramma kring eit aktivt medlemsskap i eit idrettslag, der ein deltek i sosialt samspel med dei andre på fotballaget, men og med trenrarar og andre som er tilknyta idrettslaget. Dette utviklar både tilhørsle og forplikting til å stille opp for medspelarar og idrettslag. Engasjement i styret i idrettslaget kan gje høve til å påverke saker i ein større grad. Dette kan vere avgjersle om anleggsutbygging eller arbeid for å heva kvaliteten på klubben. Begge engasjementa kan gje kjensle av meistring og felleskap, men det siste eksemplet har gjerne større grad av medverknad. Vidare så finn ein at personar som har vore involverte i lag- og organisasjonsarbeid i større grad engasjerer seg i samfunnet og politisk arbeid enn dei som ikkje har tilknyting til organisasjonslivet. Tilretteleggjring for ungdomsengasjement er altså med på å styrka samfunnsengasjementet og lokaldemokratiet på lang sikt (Wollebæk, et al., 2000). Ei utfordring med rekruttering av ungdom til organisasjonsarbeid er at grupper med låg sosioøkonomisk status sjeldan deltek. Dermed får ein ikkje representert breidda i samfunnet og stemma til sårbare grupper kan falle bort.

### Koordinering for kontinuitet og utvikling

Ungdom har behov for tilrettelagde fora for å nå fram med si stemme. Elevråd, ungdomsråd og ungdomspolitiske parti er viktige arenaer. Korleis desse fungerer i praksis vil i stor grad avhenga av korleis kommunen, den enkelte skule og dei ulike partia tilrettelegg og motiverer unge til å engasjera

seg. Eit sentralt spørsmål blir kva strategi og rutiner som må til for å sikra at born og unge får høve til å meina noko i saker som vedkjem dei.

Ungdomsrådet i Osterøy kommunen fortel at det ikkje er rutiner for at medlemmane tek opp tema når dei kjem tilbake til sin skule etter eit møte. Det er heller ikkje kommunisert til medelevar at dei er kontaktpersonar som kan ta opp saker på vegne av andre. I følgje ungdomsrådet er det ikkje godt nok kjent blant medelevar kva saker dei arbeider med og kan ta vidare til elevrådet (Ungdomsrådet, 2018). Det er behov for eit meir systematisk arbeid i ungdomsrådet, slik at ungdommen har reell påverknad i saker.

## Strategiar og tilrådingar

### Ta born og unge si stemme på alvor

I tida framover vil eit velfungerande elevdemokrati ha ei stor verdi då ein forventar større grad av elevmedverknad i undervisnings og vurderingsarbeidet i skulen. Det er difor viktig å leggja til rette for forum som elevråd og ungdomsråd i kommunen. Desse råda er igjen ein rekrutteringsarena for politiske parti i kommunen og anna styre- og organisasjonsarbeid. Osterøy kommune bør ha ei sentral rolle i tilrettelegging, opplæring og koordinering av ulike fora, lag og organisasjonar for born- og unge sitt samfunnsengasjement. For å ha kontinuitet i arbeidet, bør ein ha tilsette som har hovudansvaret for å driva arbeidet framover. Ein ser det som avgjerande at det vert etablert eit samarbeid mellom elevråda på skulane og ungdomsrådet for å sikra opplæring i demokrati og informasjonsflyt, og gje ungdommen høve til å fremja saker som er viktige for dei. Samarbeid mellom koordinator for ungdomsråd og kontaktlærarar for elevråda kan vera nøkkelen til ein betre kommunikasjon mellom dei ulike fora. For å sikra kontinuitet og framdrift i arbeidet, må det nyttast ressursar i skulen til å sikra dette, og arbeidet må forankrast i kommunen.

## Bibliografi

Anon., 2008. *Lov om planlegging og byggesaksbehandling*. [Internett]  
Available at: [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/\\*#\\*](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/*#*)  
[Funnen 7. September 2018].

Anon., 2017. *Kommunefakta*. [Internett]  
Available at: <https://www.ssb.no/kommunefakta/osteroy>  
[Funnen 7. September 2018].

Arbeids- og sosial departementet, 2002. *Fattigdom og tiltak mot fattigdom i Norge*. [Internett]  
Available at: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/fattigdom-og-tiltak-mot-fattigdom-i-norg/id105713/>  
[Funnen 04 04 2019].

Barnehagen, 2018. *Nøkkelinformant i Osterøy kommune* [Intervju] 2018.

Barneombudet, 2017. *Uten mål og mening?*. [Internett]  
Available at: [http://barneombudet.no/wp-content/uploads/2017/03/Bo\\_rapport\\_enkeltsider.pdf](http://barneombudet.no/wp-content/uploads/2017/03/Bo_rapport_enkeltsider.pdf)  
[Funnen 7. September 2018].

Barnevernstenesta, O. k., 2018. *Nøkkelinformant* [Intervju] 2018.

Barstad, A. & Sandvik, L., 2015. *Deltaking, støtte, tillit og tilhørighet. En analyse av ulikhet i sosiale relasjoner med utgangspunkt i levekårsundersøkelsene*, s.l.: Helsedirektoratet.

Brandtzæg, I., Torsteinson, S. & Øiestad, G., 2015. *Norsk psykologforening*. [Internett]  
Available at: <https://www.psykologforeningen.no/publikum/videoer/videoer-om-livsutfordringer/hva-er-tilknytning2>  
[Funnen 17.04.2018 04 2018].

Broström, S., 2009. *Reading of Literature and Reflection by means of Aesthetical Activities*. [Internett]  
Available at: <https://journals.hioa.no/index.php/nbf/article/view/347>  
[Funnen 7. September 2018].

Bufdir, 2015. *Relasjoner og nettverk*, s.l.: s.n.

Dahl, E., Bergsli, H. & van der Wel, K. A., 2014. *Sosial ulikhet i helse: En norsk kunnskapsoversikt*, s.l.: Høgskolen i Oslo og Akershus.

Darling-Hammond, L. et al., 2009. Professional learning in the learning profession. *Washington DC: National Staff Development Council*, Issue 12.

Dearing, E., Zachrisson, H. D. & Mykletun, A., 2011. [www.psykologtidsskriftet.no](http://www.psykologtidsskriftet.no/pdf/2011/785-787.pdf). [Internett]  
Available at: <http://www.psykologtidsskriftet.no/pdf/2011/785-787.pdf>  
[Funnen 23 April 2018].

Drugli, M. B., Størksen, I. & Glaser, V., 2014. *Utvikling, lek og læring i barnehagen*. 1 red. bergen: fagbokforlaget.

Ekeberg Henriksen, R. & Thuen, F., 2012. *Psykologtidsskriftet*. [Internett]  
Available at: [http://www.psykologtidsskriftet.no/index.php?seks\\_id=263622&a=3](http://www.psykologtidsskriftet.no/index.php?seks_id=263622&a=3)  
[Funnen 23 04 2018].

Elevorganisasjonen, 2018. *Elevorganisasjonen*. [Internett]  
Available at: <https://elev.no/>  
[Funnen 14 09 2018].

Enjolras , B. & Wollebæk , D., 2010. [Internett]  
Available at:  
[https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/177670/VR\\_2010\\_2\\_web.pdf?sequence=3](https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/177670/VR_2010_2_web.pdf?sequence=3)

Espelid, M., 2018. *Rektor, Osterøy vidaregåande skule*. s.l.: s.n.  
FAU, O., 2018. [Intervju] (April 2018).

Folkehelseinstituttet, 2014. [www.fhi.no](http://www.fhi.no). [Internett]  
Available at: <https://www.fhi.no/nettpub/hin/grupper/sosiale-helseforskjeller-i-norge---/>  
[Funnen 12 April 2018].

Folkehelseinstituttet, 2016. *Barnehelserapporten*, s.l.: s.n.

Folkehelseinstituttet, 2017. *FHI.no*. [Internett]  
Available at: <https://www.fhi.no/nettpub/hin/helse-og-sykdom/psykisk-helse-hos-barn-og-unge/>  
[Funnen 03 02 2017].

Folkehelseinstituttet, 2017. *FHI.no*. [Internett]  
Available at: <https://www.fhi.no/nettpub/barnehelserapporten/helse-og-levevaner/4.2.-fysisk-aktivitet/>  
[Funnen 03 02 2017].

Folkehelseinstituttet, 2017. *FHI.no*. [Internett]  
Available at: <https://www.fhi.no/nettpub/ncd/tobakk/ungdom/>

Folkehelseinstituttet, 2018. *Folkehelseprofil 2018 Osterøy kommune*, Oslo: Folkehelseinstituttet.

FUB, 2015. Oslo: Foreldreutvalget for barnehager og Foreldreutvalget for grunnopplæringen.

Fylkesmannen i Hordaland, 2017. [www.helsetilsynet.no](http://www.helsetilsynet.no). [Internett]  
Available at: <https://www.helsetilsynet.no/tilsyn/tilsynsrapporter/hordaland/2016/osteroy-kommune-forsvarlege-helse-og-sosiale-teneste-til-personar-med-samtidig-rus-og-psykisk-liding-2016/>  
[Funnen Januar 2018].

Helmers, A.-K. B. & Hernæs, N., 2012. [www.sykepleien.no](http://www.sykepleien.no). [Internett]  
Available at: <https://sykepleien.no/2012/03/hvor-er-det-blitt-av-alle-gutta>  
[Funnen 12 April 2018].

Helsedirektoratet, 2010. [www.helsedirektoratet.no](http://helsedirektoratet.no). [Internett]  
Available at: <https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/fysisk-aktivitet-og-psykisk-helse-og-tipshefte->

[for-helsepersonell-om-tilrettelegging-og-planlegging-av-fysisk-aktivitet-for-mennesker-med-psykiske-lideler-og-problemer](#)  
[Funnen 15 April 2018].

Helsedirektoratet, 2017. *Nasjonal faglig retningslinje for det helsefremmende og forebyggende arbeidet i helsestasjon, skolehelsetjeneste og helsestasjon for ungdom*. [Internett]  
Available at: <https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/helsestasjons-og-skolehelsetjenesten>  
[Funnen 17 04 2018].

Helsedirektoratet, 2017. *Psykisk helse og livskvalitet-lokalt folkehelsearbeid*. [Internett]  
Available at: <https://helsedirektoratet.no/folkehelse/folkehelsearbeid-i-kommunen/veivisere-i-lokale-folkehelsetiltak/psykisk-helse-og-livskvalitet-lokalt-folkehelsearbeid#sosial-støtte-og-deltagelse>  
[Funnen 17 04 2018].

Helsedirektoratet, 2018. *Folkehelsepolitisk rapport 2017. Indikatorer for det tverrsektorielle folkehelsearbeidet*, s.l.: Helsedirektoratet.

Helsedirektoratet, 2018. *Seksuell helse - lokalt folkehelsearbeid*. [Internett]  
Available at: <https://helsedirektoratet.no/folkehelse/folkehelsearbeid-i-kommunen/veivisere-i-lokale-folkehelsetiltak/seksuell-helse-lokalt-folkehelsearbeid>  
[Funnen 25 03 2018].

Helsestasjonen, 2018. *Nøkkelinformant i Osterøy kommune* [Intervju] (19 April 2018).

Helsestasjonen, 2018. *Nøkkelinformant i Osterøy kommune* [Intervju] 2018.

Hjeddal, O. K. & Thoresen, S., 2014. [www.nkvts.no](http://www.nkvts.no). [Internett]  
Available at: <https://www.nkvts.no/rapport/vold-og-voldtekts-i-norge-en-nasjonal-forekomststudie-av-vold-i-et-livslopsperspektiv/>  
[Funnen 12 April 2018].

Holte, A., 2012. [www.psykologtidsskriftet.no](http://www.psykologtidsskriftet.no). [Internett]  
Available at: <http://www.psykologtidsskriftet.no/pdf/2012/693-695.pdf>  
[Funnen 11 April 2018].

Hordaland fylkeskommune, 2018. *Statistikk.i.vest.no*. [Internett]  
Available at: <https://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/opplaering/>  
[Funnen 2018].

Idrettsrådet, O. k., 2018. [Intervju] (18 April 2018).

IMDI, 2019. *Integrerings- og mangfoldsdirektoratet*. [Internett]  
Available at: [https://www.imdi.no/tall-og-statistikk/steder/K1253/befolkning/befolkning\\_alder](https://www.imdi.no/tall-og-statistikk/steder/K1253/befolkning/befolkning_alder)  
[Funnen 19 02 19].

Justis og beredskapsdepartementet, 2013. [www.regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/contentassets/97cdeb59ffd44a9f820d5992d0fab9d5/hplan-2014-). [Internett]  
Available at:  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/97cdeb59ffd44a9f820d5992d0fab9d5/hplan-2014->

2017\_et-liv-uten-vold.pdf

[Funnen 15 Mars 2018].

Kalland, V., 2018. *Leiar i NAV Osterøy*. s.l.: s.n.

Kissow, A.-M. & Klasson, L., 2018. *Nasjonal Kompetansetjeneste for barn og unge med funksjonsnedsættelser*. [Internett]

Available at: <http://www.aktivung.no/deltakelse-for-barn-og-unge-med-nedsatt-funksjonsevne-med-saerlig-fokus-paa-deltakelse-i-fysisk-aktivitet.6066992-463834.html>

Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 1993. *Lov om kommuner og fylkeskommuner (komuneloven)*, s.l.: Lovdata.

Kommunal rapport, 2018. *Kommunebarometeret*. [Internett]

Available at: <https://kommunal-rapport.no/kommunebarometeret/2018/07/kommunebarometeret-2018-tabell-kultur>

[Funnen 11 09 2018].

Kunnskapsdepartementet, 1998. *Lov om grunnskolen og den vidaregående opplæringa (opplæringslova)*, s.l.: Lovdata.

Kunnskapsdepartementet, 2015-2016. *Meld. St. 19 (2015–2016) Tid for lek og læring - Bedre innhold i barnehagen*. [Internett]

Available at: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-20152016/id2479078/>

[Funnen 7. September 2018].

Kunnskapsdepartementet, 2017. *Overordnet del - verdier og prinsipper for grunnopplæringen*, s.l.: Kunnskapsdepartementet.

Kunnskapsdepartementet, 2017. *Rammeplanen for barnehagen*. 1 red. Oslo: Utdanningsdirektoratet.

Kunnskapsdepartementet, 2018. [Internett]

Available at: [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL\\_1](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL_1)

Kunnskapsdepartementet, 2018. *Meld. St. 21 (2016-2017)*. [Internett]

Available at: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-21-20162017/id2544344/>

[Funnen 7. September 2018].

Lovdata, 1998. *Opplæringslova*. [Internett]

Available at: [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL\\_2#KAPITTEL\\_2](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_2#KAPITTEL_2)

[Funnen 7. September 2018].

Medietilsynet, 2016. [www.medietilsynet.no](http://www.medietilsynet.no). [Internett]

Available at: [http://www.medietilsynet.no/globalassets/publikasjoner/barn-og-medier-undersokelser/2016\\_barnogmedier.pdf](http://www.medietilsynet.no/globalassets/publikasjoner/barn-og-medier-undersokelser/2016_barnogmedier.pdf)

[Funnen 2018].

Mykletun, A., Knudsen, A. K. & Mathiesen, K. S., 2009. [www.fhi.no](http://www.fhi.no). [Internett]

Available at: <https://www.fhi.no/publ/eldre/psykiske-lidelser-i-norge-ett-folkeh/>

[Funnen Mars 2018].

NAV-Osterøy, 2018. [Intervju] (April 2018).

Nordahl, T., 2018. [Internett]

Available at: <http://nettsteder.regjeringen.no/inkludering-barn-unge/files/2018/04/INKLUDERENDE-FELLESSKAP-FOR-BARN-OG-UNGE-til-publisering-04.04.18.pdf>

Nordahl, T., 2018. *Inkluderende fellesskap for barn og unge*. [Internett]

Available at: <https://nettsteder.regjeringen.no/inkludering-barn-unge/files/2018/04/INKLUDERENDE-FELLESSKAP-FOR-BARN-OG-UNGE-til-publisering-04.04.18.pdf>  
[Funnen 7. September 2018].

Norsk kulturskoleråd, 2016. *Norsk kulturskoleråd Rammeplanen*. [Internett]

Available at: <https://www.kulturskoleradet.no/rammeplanseksjonen/rammeplanen>  
[Funnen 11 03 2018].

Nøkkelinformantar politiske parti Osterøy, 2018. *Politiske ungdomsparti i Osterøy kommune* [Intervju] (24. og 25. April 2018).

Nøkkelinformantar, O. k., 2018. [Intervju] (Mars 2018).

Osterøy kommune, Sektor for oppvekst, undervisning og kultur, 2017. *Tilstandsrapport for grunnskulen*, s.l.: Osterøy kommune.

Osterøy kommune, 2003-2014. *Kommuneplanens samfunnsdel 2003-2014*, s.l.: Osterøy kommune.

Osterøy kommune, 2013. *Plan for overgang Barnehage-skule*, s.l.: s.n.

Osterøy kommune, 2016. *Temoplan for trafikksikring i Osterøy kommune*, s.l.: Osterøy kommune.

Regjeringen, 2015-2016. *St.meld. nr 19 (2015-2016). tid for lek og læring- bedre innhold i barnehagen*. [Internett]

Available at: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/barnehagens-formal-og-innhold/omsorg/>  
[Funnen 28 04 2018].

Regjeringa.no, 2014-2015. *Folkehelsemeldinga*. [Internett]

Available at: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-2014-2015/id2402807/sec1>

Robinson, V., 2014. *Elevsentrert skoleledelse*. Oslo: Cappelen Damm AS.

Roland, P. & Westergård, E., 2015. *Implementering*. Oslo: Universitetsforlaget AS.

Rus-og-psykisk-helse, 2018. *Nøkkelinformant, Osterøy kommune* [Intervju] (Mars 2018).

Sektor-for-oppvekst-undervisning-og-kultur, 2018. *Nøkkelinformant i Osterøy kommune* [Intervju] 2018.

Skulen, 2018. *Nøkkelinformant i Osterøy kommune* [Intervju] 2018.

Språkløyper, 2018. *Språkløyper*. [Internett]

Available at: <https://sprakloyper.uis.no/article.php?articleID=124947&categoryID=19779>

[Funnen 7. September 2018].

SSB, 2016. *KOSTRA Kultur / Barne - og ungdomstiltak Osterøy-SSB*. [Internett]

Available at: <https://www.ssb.no/kommunefakta/kostra/osteroy/kultur-barne-og-ungdomstiltak>

SSB, 2017. *Kostra*. [Internett]

Available at: <https://www.ssb.no/kommunefakta/osteroy>

[Funnen 7. September 2018].

SSB, 2017. *Kostra nøkkeltall*. [Internett]

Available at: <https://www.ssb.no/kommunefakta/kostra/osteroy/grunnskolen>

[Funnen 2018].

SSB, 2017. *Kostra nøkkeltall*. [Internett]

Available at: <https://www.ssb.no/kommunefakta/kostra/osteroy/barnehager>

[Funnen 7. September 2018].

SSB, 2017. *Slik har vi det- livskvalitet og levekår. Sosiale relasjoner*, s.l.: s.n.

Stanghelle, C. E., 2017. *Læringsmiljøsenteret*. [Internett]

Available at: <https://laringsmiljosenteret.uis.no/barnehage/omsorg-lek-og-laring/relasjoner/trygghet-en-forutsetning-for-livsmestring-og-utvikling-article120762-21095.html>

[Funnen 28 04 2018].

Statistisk sentralbyrå, 2015. [www.ssb.no](http://www.ssb.no). [Internett]

Available at: <https://www.ssb.no/inntekt-og-forbruk/artikler-og-publikasjoner/flere-okonomisk-utsatte-barn>

[Funnen 12 April 2018].

Steine, I. M. et al., 2012. [www.psykologtidsskriftet.no](http://www.psykologtidsskriftet.no). [Internett]

Available at: [http://www.psykologtidsskriftet.no/?seks\\_id=274742&a=2](http://www.psykologtidsskriftet.no/?seks_id=274742&a=2)

[Funnen Mars 2018].

SU, 2018. *Samarbeidsutvalet i barnehagar og skular i Osterøy kommune* [Intervju] (April 2018).

Townsend, P., 1979. *Poverty in the United Kingdom*. Harmondsworth: Penguin.

Townsend, P., 1993. *The international analysis of poverty*. Hemel Hempstead: Harvester Wheatsheaf.

Ungdata, 2017. *Kva driv ungdommane med? Korleis har dei det?*, s.l.: s.n.

Ungdata, 2017. *Kva driv ungdommane med? Korleis har dei det?*, s.l.: s.n.

Ungdatasenteret, KoRus-vest Bergen, 2017. *Ungdata*, Bergen: s.n.

Ungdatasenteret, 2017. *Ungdata*. [Internett]

Available at: <http://www.ungdata.no/>

[Funnen 14 09 2018].

Ungdatasenteret & KoRus Vest Bergen, 2017. *Ungdomsskuleelevar i Osterøy kommune - Kva driv ungdommane med? Korleis har dei det?*, Oslo: Ungdatasenteret.

Ungdomsrådet, O., 2018. *Intervju med Osterøy ungdomsråd 11.04.2018 - Samfunnsengasjement og påverknad* [Intervju] (11 April 2018).

Ungdomsrådet, O., 2018. *Medverknad i planarbeid*. s.l.: s.n.

Ungdomsråd, O., 2018. [Intervju] 2018.

Ungdomsråd, O., 2018. *Referat møte i Osterøy ungdomsråd 11.04.2018* [Intervju] (11 April 2018).

UNICEF, 2018. *Barnekonvensjonen*. [Internett]

Available at: <https://www.unicef.no/barnekonvensjonen/full-tekst>

UNICEF, 2018. *Mobbestopp*. [Internett]

Available at: [https://www.unicef.no/mobbestopp?gclid=EA1alQobChMlxPz9kveR3QIVIMmyCh1N-ARiEAAYASAAEgKBwvD\\_BwE](https://www.unicef.no/mobbestopp?gclid=EA1alQobChMlxPz9kveR3QIVIMmyCh1N-ARiEAAYASAAEgKBwvD_BwE)

Utdanningsdirektoratet, 2017. *Rammeplan for barnehagen*. [Internett]

Available at: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

[Funnen 7. September 2018].

Wollebæk, D., Lorentzen, H. & Selle, P., 2000. *Frivillig innsats - sosial integrasjon, demokrati og økonomi*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

Wollebæk, D., Lorentzen, H. & Selle, P., 2000. *Frivillig innsats - sosial integrasjon, demokrati og økonomi*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.